



Kyrkjehagen

Ein arena for liv og deltaking i mangfaldig fellesskap?

Ingebjørg Dahle Johansen

VID vitenskapelige høyskole

Masteroppgave

Master i diakoni MADIA-599

Antall ord: 24 955

15.05.2023

**Opphavsrettigheter**

Forfatteren har opphavsrettighetene til oppgaven.

Nedlasting for privat bruk er tillatt.

## Samandrag

I denne studien er det teke utgangspunkt i eit særeige prosjekt knytt til ein kyrkjelyd sitt diakonale arbeid; Kyrkjehagen. Det er gjort kvalitative intervju av deltakarar i prosjektet, og ulike teoretiske perspektiv er brukt for å kaste lys over funna. Det er i stor grad teori frå det diakonale fagfeltet som er nytta, støtta opp av nokre andre perspektiv knytt til kommunikasjon og psykologi. Det er også nytta nokre rapportar og offentlege dokument for å aktualisere tematikken.

Det var eit mål å finne meir ut av korleis denne type prosjekt kunne vere eit bidrag til arbeid med diakonalt fellesskap. Conviviality er eit sentralt perspektiv som blir brukt i skildringane av det mellommenneskelege diakonale fellesskapet. Hagearbeid og samspelet mellom natur og menneske blir teke med inn bruken av dei ulike diakonale omgrepa.

Funn frå studien viser at det i Kyrkjehagen er ulike menneske som deltek i eit mangfaldig fellesskap der det ikkje er tema kva bakgrunn dei ulike deltakarane har. Det blir teke opp korleis Kyrkjehagen kan vere ein møttestad for deltaking og tilhøyrsløse for ulike menneske, og særleg for menneske med utviklingshemming. Kyrkjehagen kan vere ein stad som utviklar nye former for kommunikasjonsmetodar. Det er også eit diakonalt fellesskap der naturen blir ein del av samspelet, og det blir teke fram korleis naturen både må vernast og kan gi vern.

## **Abstract**

In this study, the starting point is a special project linked to a church's diaconal work; Kyrkjehagen. Qualitative interviews have been conducted with participants in the project, and various theoretical perspectives have been used to shed light on the findings. It is largely theory from the diaconal field that is useful, supported by some other perspectives linked to communication and psychology. Some reports and public documents are also used to update the topic.

It was a goal to find out more about how this type of project could be a contribution to work with the diaconal community. Conviviality is a central perspective that is used in the depictions of the interpersonal diaconal community. Gardening and the interaction between nature and man are included in the use of the various diaconal frames.

The study show that there are different people who participated in a diverse community in Kyrkjehagen. It is not a topic what background the different participants have. It will be discussed how Kyrkjehagen can be a meeting place for participation and belonging for different people, and especially for people with intellectual disabilities. Kyrkjehagen can be a place that develops new forms of communication methods. It is also a diaconal community where nature becomes part of the interaction, and it is brought out how nature must both be protected and can provide protection.

## Forord

Ei stor takk til alle som har bidratt i prosessen med denne oppgåva. Først vil eg takke dei flotte informantane, som har gjeve meg så gode innspel til både denne oppgåva – men også til arbeidet mitt og til livet generelt. Ein førebiletleg gjeng som eg har lært så mykje av!

Takk også til alle som har stilt spørsmål og vist interesse, og til den stødige sisteskansen som har lest korrektur og stilt spørsmål ved samanhengar og formuleringar. Eg vil også rette ei stor takk til Grete Karen Framgarden som har vore ein inspirerende, tolmodig og kunnskapsrik rettleiar i prosessen med masteroppgåva.

Tida med diakonistudiet har vore ei reise eg ikkje ante verken utbytte eller kostnadane av før eg starta. Eg er svært takknemleg for å ha fått moglegheita til å vere med på dette. Ny kunnskap og alle gode menneskemøte har betydd mykje for meg som menneske og fagperson. Takk til gode medstudentar og dyktige og varme forelesarar.

Eg vil også takke alle rundt meg i kvardagen. Takk til gode Oslofolk for husrom og hjarterom! Takk til alle som har kompensert for at eg tidvis har vore fråverande, som tolmodig har reflektert saman med meg, og vist rausheit med at eg er undervegs. Det vil eg visst fortsetje å vere.

Eg håpar at du som er interessert i emnet og som les dette, kan ha glede av, og la deg røre ved tankevekkjande utsegn frå kloke informantar. Kanskje kan du ta med deg refleksjonar og spørsmål vidare i dine fellesskap, etter å ha vore med inn i denne vesle hagevandringa.

# Innhald

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 1     | Innleiing .....                                | 8  |
| 1.1   | Innleiande tankar om tema .....                | 8  |
| 1.2   | Presentasjon av Kyrkjehagen.....               | 9  |
| 1.3   | Problemstilling.....                           | 10 |
| 1.4   | Aktuelle omgrep .....                          | 10 |
| 1.4.1 | Diakonalt fellesskap .....                     | 10 |
| 1.4.2 | Konvivialitet.....                             | 11 |
| 2     | Teori.....                                     | 13 |
| 2.1   | Diakonalt arbeid .....                         | 13 |
| 2.1.1 | Diakoni i endring.....                         | 14 |
| 2.1.2 | Brubbyggjar, gå-mellom .....                   | 15 |
| 2.2   | Konvivialitet.....                             | 17 |
| 2.2.1 | Bakgrunn .....                                 | 17 |
| 2.2.2 | Menneskesyn.....                               | 18 |
| 2.2.3 | Nye rom – kyrkja som samfunnsaktør .....       | 19 |
| 2.3   | Medborgarskap.....                             | 21 |
| 2.3.1 | Endringar, rettar og tilgjengelegheit.....     | 21 |
| 2.3.2 | Teologi og kyrkje i møte med mangfald .....    | 22 |
| 2.3.3 | Daglegliv og tilhøyrse .....                   | 24 |
| 2.3.4 | Kommunikasjon og tilhøyrse .....               | 25 |
| 2.4   | Hagen som rom.....                             | 27 |
| 2.4.1 | Ein stad for sjel og sinn .....                | 27 |
| 2.4.2 | Teologiske vinklingar på Skaparverket.....     | 28 |
| 3     | Metode.....                                    | 31 |
| 3.1   | Kvalitativ metode .....                        | 31 |
| 3.2   | Planlegging .....                              | 32 |
| 3.3   | Gjennomføring.....                             | 32 |
| 3.3.1 | Intervju .....                                 | 33 |
| 3.3.2 | Transkribering, koding og kategorisering ..... | 34 |
| 3.3.3 | Generalisering og utveljing .....              | 36 |
| 3.4   | Tolking.....                                   | 37 |

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 3.4.1 | Reliabilitet og validitet .....                              | 37 |
| 3.5   | Etiske problemstillingar .....                               | 38 |
| 4     | Analyse .....  | 41 |
| 4.1   | Presentasjon av dei fem informantane .....                   | 41 |
| 4.1.1 | Iris: Diakon .....   | 41 |
| 4.1.2 | Ringblomst: Frivillig i kyrkja .....                         | 42 |
| 4.1.3 | Skogstjerne: Frivillig i kyrkja .....                        | 42 |
| 4.1.4 | Linnea: Lærer for elevar med tilrettelagt undervisning ..... | 42 |
| 4.1.5 | Timian: Forelder og initiativtakar: .....                    | 43 |
| 4.2   | Mangfald og tilhøyrse .....                                  | 43 |
| 4.2.1 | Isolasjon og mangel på møteplassar .....                     | 43 |
| 4.2.2 | Glimt av fellesskap og tilhøyrse .....                       | 45 |
| 4.3   | Å skape i fellesskap .....                                   | 49 |
| 4.4   | Hage som natur og rom .....                                  | 53 |
| 4.5   | Oppsummering .....   | 57 |
| 5     | Drøfting .....   | 58 |
| 5.1   | Å gjere saman som kommunikasjonsutvikling .....              | 58 |
| 5.2   | Nye rom og tilhøyrse .....                                   | 60 |
| 5.3   | Kunsten å leve saman .....                                   | 62 |
| 5.3.1 | Kulturutvikling og livskunst .....                           | 62 |
| 5.3.2 | Dei minste rollefigurane .....                               | 65 |
| 5.4   | Gå mellom .....  | 66 |
| 5.4.1 | Diakonale oppgåver .....                                     | 67 |
| 5.4.2 | Fleire medarbeidarar .....                                   | 68 |
| 5.4.3 | Å verne og få vern .....                                     | 69 |
| 6     | Konklusjon .....   | 72 |

# 1 Innleiing

I denne studien vil eg finne meir ut av korleis det kan etablerast formar for fellesskap ved hjelp av diakonale arbeidsmetodar og perspektiv. Dette vil eg gjere ved å studere eit prosjekt; Kyrkjehagen.

## 1.1 Innleiande tankar om tema

Etter tjue yrkes-år innanfor sosialteneste, skule, barnevern og kyrkje, sit eg igjen med stor audmjuke etter mange menneskemøte. Som sosionom har eg møtt eit breitt mangfald av menneske med mange ressursar, men også med store og komplekse behov for fleksible tenester med relasjonelt fokus. Eg har kjend på maktesløyse over å vere del av eit hjelpeapparat som ofte ikkje klarar å møte medmenneske på ein måte der kvar enkelt får bruke sine styrker, og saman med andre, får sjanse til å finne ei god retning vidare.

Personleg, har eg, frå eg var lita, i ulik grad vore oppteken av natur, vokstrar og miljøvern. Miljøvern er eit tema som dei siste åra har blitt enda meir aktualisert på dramatisk vis, og det blir tydelegare kor tett samanvove menneskelivet er til resten av skaparverket vi er ein del av.

Etter å ha starta på diakonistudiet og fått moglegheit til å arbeide som diakonimedarbeidar, har eg i større grad fått erfare tiltak som på ulike måtar tek relasjonelle og gjensidige arbeidsmetodar på alvor. Eg opplever at det er mykje lærdom å hente frå det diakonale feltet, og at det her er eit stort potensiale for å sjå at også naturen har ein sjølvsgatt plass.

I denne studien har eg fått undersøkje korleis Kyrkjehagen kan vere aktuell når det gjeld diakoni i dagens samfunn. Studien kan ha så mange vinklingar. Eg vil her finne meir ut av kva rom ein kan finne når menneske søker nye formar for å kunne delta i eit fellesskap. Eg vil også gå heilt til røtene av prosjektet, bokstavigt talt, og finne ut om eit såra skaparverk kan vere ein del av det å finne konviviale og rommelege rom. Konvivialitet er eit av omgrepa som vil bli forklart seinare.

Teoriane og omgrepa er i stor grad frå diakonalt arbeid, som igjen er henta frå mellom anna sosiologi, samfunnsvitenskap, psykologi, pedagogikk og teologi-felta. Det er mange teoretiske



perspektiv som kunne vore nyttige å bruke, og eg har gjort eit utval ut frå vurderingar kring relevans for tematikken og oppgåva sitt omfang. Eg har mellom anna vald vekk teori eg som sosionom og sosialarbeidar har med meg frå før. Her er det mykje som kunne vore interessant, særleg når det gjeld samfunnsarbeid. I denne studien ønska eg eit tydeleg diakonalt fokus, sjølv om eg implisitt har med meg ein del teori frå sosialt arbeid også.

Før problemstillinga blir lagt fram, kjem ein kort presentasjon av Kyrkjehagen. Vidare blir aktuelle teoretiske perspektiv framstilt, før det blir gjort ein gjennomgang av metoden som er bruka. I analysen presenterer eg hovudfunna, før desse blir drøfta saman med presentert teori. I konklusjonen vil det bli teke fram linjene av det som er hovudresultat av studien.

## **1.2 Presentasjon av Kyrkjehagen**

Namnet er eit fiktivt namn på eit relativt nystarta prosjekt i ein kyrkjelyd i Sør-Noreg. Prosjektet blei starta med bakgrunn i eit samarbeid mellom kyrkjelyden og ein familie som ville stille eigen tomt til disposisjon for å bidra til eit fellesskapsprosjekt. I familien er det ein ungdom med utviklingshemming, og familien ville saman med kyrkja, vere med å starte aktivitet som kunne gjere det lettare for ulike menneske å finne ein lågterskel - møteplass i nærmiljøet. Det blei sett som mål å leggje til rette for ein hage der det kunne dyrkast både vokstrar og vennskap. Kyrkjelyden var oppteken av å vere med å skape berekraftige byar og lokalsamfunn med referanse til berekraftsmål 11 ([fn.no, 05.05.2023](#)).

Det har vore dugnadar der enkeltmenneske har blitt utfordra til å delta med praktiske oppgåver knytt til etableringa. Det har vore nokre dagar der ei klasse for elevar med særskild tilrettelegging frå den vidaregåande skulen har vore invitert til å delta i hagearbeidet ved kyrkja. I denne klassa går også ungdommen som var ein av initiativtakarane til prosjektet. Det har vore nokre dugnadar der alle har vore invitert til å delta, og det har vore sett opp liste for ulike konstellasjonar av menneske i nabolaget som skulle fylgje opp hagen i sommarhalvåret. I prosjektet er det ulike menneske som deltek. Nokre er der fordi dei har vore i språkpraksis, nokre fordi dei går i denne klassa som har vore involvert, nokre er særskild spurt om å vere med for å hjelpe til, og andre er naboar og aktive i kyrkjelyden som har engasjert seg.

Prosjektet er framleis i ein startfase etter eit lite år i drift, og har naturlege svingingar i aktivitet ut frå årstidene. På grunn av utanforliggjande årsaker, blei hagen etablert utanfor kyrkja, i staden for i hagen til denne familien. Fram til oppstart av intervjua i denne studien, hadde det vore om lag ti aktivitetar knytt direkte til hagearbeidet. Det kjem også fram at nokre av dei same personane som deltek i kyrkjehagen, er med i andre samanhengar i kyrkja. Det er dei som har vore med i oppstartsfasen av prosjektet, som her deler av sine erfaringar.

## 1.3 Problemstilling

Det er mange måtar å kome inn på emnet som er lansert.

Ut frå grunnlaget prosjektet blei starta på, og teoretiske perspektiv eg har funne interessante, fyller desse to spørsmåla problemstillinga:

**På kva måte er Kyrkjehagen uttrykk for diakonalt fellesskap, og korleis kan hagearbeid også handle om konvivialitet?**

## 1.4 Aktuelle omgrep

Det er ikkje mange framandord i problemstillinga, men det er greitt å forklare *diakonalt fellesskap* og *konvivialitet* i innleiinga.

### 1.4.1 Diakonalt fellesskap

Fellesskap er eit omgrep som i diakonien, gjerne blir supplert med adjektivet: *inkluderande*. Dette er eit honnørord som ofte blir brukt i ulike samanhengar. I Plan for diakoni er dette brukt, der eit av diakonien sine arbeidsområde, er *inkluderande fellesskap*. Her står det mellom anna: «Gode fellesskap gir moglegheit til både å yte og ta imot. Gode fellesskap inkluderer og har plass til mangfaldet av menneske og livserfaringar» (Kirkerådet, 2020, s. 13).

Verdiane som blir teke fram, seier mykje godt om kva kyrkja har som mål for arbeidet med fellesskap. Omgrepet *inkluderande fellesskap*, var også med som arbeidsområde i førre plan (Kirkerådet, 2008). Spørsmålet her, er kven det er som inviterer inn til å delta i noko, kven det er som er vert og eig prosjektet. Når nokon inviterer *den andre* inn, for å inkludere, ligg

det samstundes ei forestelling, om at den andre treng å bli inkludert. Ved dette, kan ein gje ei forsterka oppleving av at ein i utgangspunktet ikkje høyrer til. Stephanie Dietrich, stiller spørsmål ved kva rolle kyrkja tek, som stiller seg i posisjon til å vere den som inviterer inn. Ved å bruke ordet *inkluderande*, kan ein vere med å oppretthalde førestillingar om kven som er innanfor og kven som er utanfor (Dietrich, 2011, s. 51).

Kari K. Korslien (2009), er også ei av dei som stiller spørsmål ved kva som ligg i omgrepet inkluderande fellesskap. Ho kommenterer særleg dette med korleis ein legg til rette for reel tilhøyrslø i fellesskap når det gjeld menneske med fysisk funksjonshemming og utviklingshemming. I ein kommentar til førre diakoniplan, etterlyser ho ei reel anerkjenning i diakonien når det kjem til inkluderande fellesskap, og uttaler at tilhøyrslø blir sett på dagsorden, utan at deltaking og medansvar blir sikra (Korslien, 2009, s. 91).

Spørsmålet om reel moglegheit for påverknad og eigarskap blir stilt på ein måte som kan gi initiativ til å tenkje nytt om kva som er viktig i arbeid for å styrkje fellesskapet i kyrkjelydar og lokalsamfunn.

Med bakgrunn i mellom anna desse utfordringane, vel eg her, å bruke omgrepet *diakonalt fellesskap*, framfor inkluderande fellesskap. Omgrepet diakoni, blir teke vidare opp i neste kapittel.

### **1.4.2 Konvivialitet**

I ein diakonal setting – og særleg opp mot lokalsamfunnsarbeid, er det naturleg å bruke omgrepet *conviviality* som vinkling for teori som handlar om *diakonalt fellesskap* og *deltaking*. Dette vil gå igjen gjennom denne avhandlinga. Det er difor grunn til å starte med ei avklaring av omgrepet her, før det vidare blir presentert i teoridelen.

Tony Addy har arbeidd mykje med diakonalt arbeid lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Han forklarar at *conviviality* er grunnfesta i det kvardagslege livet i kyrkje og lokalsamfunn (Addy, 2019, s. 161). Det er ikkje eitt enkelt, norsk ord vi kan omsetje *conviviality* til direkte, men det blir gjerne omsett som: «*Liv i mangfaldig fellesskap*».

The Lutheran world federation har utarbeidd ein rapport: *Seeking conviviality*, på bakgrunn av eit arbeid som er gjort mellom 28 deltakarar frå ulike europeiske land. Den norske omsetjinga av rapporten; "*Liv i mangfoldig fellesskap, Om å fornye diakonien i europeiske lokalsamfunn,*" vil bli brukt, saman med teorien i neste kapittel. Det vil heretter bli brukt referansen; (LVF, 2016).

Dei siste åra har omgrepet, *conviviality*, blitt utforska og til ein viss grad bruka enda meir innanfor diakonifeltet. Det er etter kvart blitt meir vanleg å kunne nytte det fornorska uttrykket *konvivialitet*. Dette vil eg også bruke i stor grad vidare i denne avhandlinga. Det er eit mål at konvivialitet, eller, liv i mangfaldig fellesskap, skal vise *kunsten og erfaringa av å leve saman* (LVF, 2016, s. 4).

## 2 Teori

Teorien er ein liten del av eit stort utval som kan vere relevant å ha som grunnlag for å drøfte funna i undersøkinga opp mot problemstillinga. I og med at tematikken rører ved så mange delar av diakonifeltet, kjem det til å bli presentert ulike perspektiv, utan at det er rammer for å gå grundig inn i alt. Det blir gjeve ein kort presentasjon av diakoni som praksis. Ut frå ein kort historisk gjennomgang av forståinga av både omgrep og rolle, blir det halde fram dagens diakoniforståing. Dei neste teorikapitla har også diakonalt arbeid som overbygning, i det *konvivialitet* og *medborgarskap* blir presentert. Teorikapittelet blir avslutta med å tematisere at det er i ein *hage* fellesskapsprosjektet er etablert, med få utvalde psykologiske og teologiske vinklingar.

Gjennom studien er det brukt eit sosialkonstruktivistisk perspektiv. Sosialkonstruktivismen dreg dei sosiale prosessane inn i det som skal forskast på, menneska er aktive aktørar i å skape endring, og sanninga vil ikkje vere statisk (Rasborg, 2013, s. 2). Dette perspektivet blir ikkje gjeve ein eigen gjennomgang av, og nødvendigvis heller ikkje teke opp eksplisitt gjennom dei ulike kapitla. Det er likevel relevant å ha som bakgrunn i denne samanhengen, der deltakarane har ei aktiv rolle i konstruksjonen av Kyrkjehagen.

### 2.1 Diakonalt arbeid

Diakoni, eller diakonalt arbeid ligg som grunnlag for omgrepa som skal tematiserast; *diakonalt fellesskap* og *konvivialitet*. Diakonalt arbeid har lange tradisjonar frå fleire fagdisiplinar, blir forstått på ulike måtar, og er i stadig endring. Som Dietrich (2014, s. 26) påpeikar, er det ikkje berre éi retning som kan skildre kva diakoni er, men omgrepet omfattar multidimensjonale perspektiv og ulike tilnærmingar som er med på å gjere diakonien rikare.

Kyrkerådet har vedteke at diakoni innanfor Den norske kyrkja, skal verke innanfor fire arbeidsområde: «Inkluderande fellesskap, nestekjærleik, kamp for rettferd og vern om skaparverket» (Kirkerådet, 2020). På same tid skal ein strekkje seg etter visjonen for den norske kyrkja si diakonale teneste: «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, gjort verkeleg gjennom liv og teneste» (Kirkerådet, 2020, s. 3).

Arbeidsområda og visjonen som blir halde fram, presenterer eit stort spekter av oppgåver. Her blir det ikkje gjort ein gjennomgang av kvart område spesifikt, men dei neste tema skal kunne relatere til både visjonen og dei fire arbeidsområda. Utviklinga som har skjedd i diakonifeltet, blir presentert først, og er slik med på å leggje grunnlaget for ulike diakonale emneknaggar vidare.

### **2.1.1 Diakoni i endring**

Diakonalt arbeid har vore gjennom ulike paradigmeskifte. Som Carlos Ham (2014) forklarar det, har det etter påverknad frå den økumeniske rørsla, utvikla seg tre hovudmodellar, eller paradigme, som er nyttig å kjenne til når diakonalt fellesskap er tema. Ham presiserer at det ikkje er markante skilje mellom desse paradigma, men at det er ein klar tendens. Det første paradigmet som blir presentert, er *veldedigheits-modellen* som var sentral på 1900-talet. Her var fokuset på å tene menneske som på ulike måtar blei sett på som trengjande. Frå rundt 1980, blei *gjensidighet* ein større del av det diakonale arbeidet, og empowerment var her eit omgrep som begynte å gjere seg gjeldande. Empowerment blir forklart nærmare i neste kapittel.

I 2012 blei konferansen; *World Council of Churches*, halden i Colombo. Ham er ein av dei som skildrar dette som ein milepæl når det gjeld utviklinga av den diakonale forståinga som på mange måtar er rådande i dag. Den *transformative modellen* blei gjort gjeldande, med fokus på ei induktiv tilnærming med eit nedanfrå og opp-perspektiv (Ham, 2014, s. 109 – 110). Det blei med andre ord lagt opp til eit heilt nytt tankesett og levesett der den gjensidige relasjonen blei sett i fokus.

Den transformative diakoniforståinga etterspør eit nytt grunnleggjande tankesett og levesett der alle blir utfordra til å gjere ei endring i seg sjølv og i sin kontekst, for betre kår for alt og alle som lever. Det blir også halde fram at diakonien skal ta ei tydeleg stemme som talsperson mot urett, og for at menneske som før var utan stemme og mynde, også kan ta del i ei positiv endring for samfunn og skaparverk (Ham, 2014, s. 110, 114).

I kyrkjeleg samanheng, blir det understreka at den Jødisk-kristne tradisjonen legg opp til at kyrkja som etterfylgjar av Jesus, har ein læremeister som demonstrerer transformasjonen ved å gi oppreising og verdigheit til menneske som blei sett ned på, og som var i ein situasjon

der dei var prisgjeve andre sin veldedigheit (Ham, 2014, s. 119). Ham refererer vidare til konferansen i Colombo, og presiserer at transformasjon handlar om å finne måtar der menneske kan relatere seg til kvarandre – og også til naturen. Ved at transformasjonsmodellen tydeleggjer at også naturen er ein reell aktør i ei samhandling, er denne modellen også med på å bygge opp under arbeidsområdet som handlar om vern om skaparverket. Som mellom anna Haugen presiserer, er vern om skaparverket også ein del av kampen for rettferd, fordi natur- og klimaødeleggingar rammer så urettferdig (Haugen, 2009).

LVF har også utarbeidd rapporten: *Diakoni i kontekst*. Dette er den norske omsetjinga til Kjell Nordstokke, og blir referert som; (LVF, 2010). Her er også den økologiske samanhengen i naturen, med oss menneske som ein del av denne, halde fram som essensielt i diakonalt arbeid: «Alle skapningar høyrer sammen i et økosystem av gjensidige relasjonar, avhengige av kvarandre. Spesielt i tider med dramatisk økologisk krise blir denne synsvinkelen en presserende prioritet» (LVF, 2010, s. 25).

I rapporten vidare, blir det også presisert at sjølv om det kristne menneskesynet held framme at menneske er skapt i Guds bilete, er det ingen grunn til å ta ei antroposentrisk haldning som seier at alle andre skapningar er underlagt det beste for menneske. *Diakoni i kontekst*, og det Haugen (2009), også held fram, tydeleggjer at det kristne menneskesynet gir eit ekstra ansvar for å nettopp halde ansvaret som forvaltarar oppe, og vere ei tydeleg stemme for ivaretaking av skaparverket.

Det er gjennomgått dei tre hovudparadigma som Ham (2014) referer til, med fokus på transformasjon. Det er også referert til utsegn som i ei transformativ ramme poengterer økosystemet si rolle innanfor diakonalt arbeid. I neste underkapittel blir paradigmeskifta tekne opp vidare med vinklinga frå kva rolle diakonien har teke, og bør ta, i kyrkje og samfunn.

### **2.1.2 Brubbyggjar, gå-mellom**

Her er det tid for å ta opp sjølve diakoni-omgrepet. Det kjem ikkje til å bli gjeve ein historisk gjennomgang av eit komplekst omgrep med ei lang historie, men det blir trekt fram nokre linjer som blir vurderte som nyttige med tanke på diakonalt fellesskap. Det har allereie blitt

presentert ei forståing av diakonien i endring, og som Nordstokke skriv i forordet til Diakoni i kontekst (LVF, 2010, s. 2) har diakoni i stor grad latt seg forme av korleis kristne gjennom kyrkja si historie har forsøkt å leve etter det Bibelske kallet om nestekjærleik. På same stad, blir det også halde fram at diakoni både er eit teologisk omgrep knytt til kyrkja sin identitet og oppdrag, og eit kall til handling (LVF, 2010, s. 2). Det kan på den måten seiast at kyrkja teologisk sett *er* diakonal og har med seg dette som ein dimensjon, samstundes som den gjennom handling, også skal *vere* diakonal.

Ordet diakoni blir gjerne omsett til; *teneste* (Johannessen et. al., 2009). Diakoni, kjem frå dei greske orda *diakonain*, *diakonein* og *diakonos* som er funne frå dei gamle, greske skriftene frå tida 400 år før - og etter Kristus (Dietrich, et.al 2014, s. 2,3).

John N. Collins har gjort ei rekkje studiar av grunntekstane. Her blir det ikkje lagt vekt på den språklege diskusjonen. Det er samstundes interessant å ta med noko av det Nordstokke (2014) held fram at Collins viser til, der han meiner å ha funne at den tidlegare forståinga av diakoni som *veldedighet*, eller *audmjuk teneste*, er ei misforståing. I sine språklege og kontekstuelle undersøkingar, viser Collins til at omgrepet kan stamme frå ei rolle som handla om det å vere ein talsperson, eller ein som kunne «gå mellom» (Nordstokke, 2014, s. 56,57).

Kari Jordheim har undersøkt kva 48 informantar, frå tjue ulike land, som arbeider diakoni, uttaler om diakonirolla (Jordheim, 2014, s. 196). Jordheim tek fram at *diakonien*, i stor grad har blitt halde fram som ei audmjuk teneste for dei trengjande. Dette blir også halde fram som ei viktig oppgåve blant hennar informantar (Jordheim, 2014, s. 196).

Jordheim (2014, s. 198), refererer også til Collins, og held fram at det i forståinga av diakonirolla som ein som *går mellom*, kan leggjast opp til at diakonien skal byggje bruer, og vere ein ambassadør for marginaliserte. Jordheim (2014, s. 199), presenterer at det er fleire av hennar informantar, som nettopp har uttalt at dei opplever at dei er ein som går mellom, og som er brubyggjarar i rolla som diakonar. Det blir oppsummert at diakonar er brubyggjarar mellom kyrkje og lokalsamfunn, mellom daglegliv og liturgi, og mellom individ og samfunn (Jordheim, 2014, s. 187). Jordheim diskuterer forskjellen på det å vere ein *brubyggjar*, og å vere ein som *går mellom*. Sjølv om begge omgrepa kan nyttast om den same rolla, blir det presisert at ein brubyggjar gjerne vil hjelpe nokon får ein stad, til ein annan. Når ein går mellom, er ein meir open for rørsle mellom ulike personar og situasjonar,



noko som igjen, kan vere med å byggje meir permanente bruer. I den samanhengen blir det også halde fram at det diakonale engasjementet er med og transformerer – både i kyrkja sitt sentrum og i det meir perifere (Jordheim, 2014, s. 200). Som det blir vist til over, handlar den diakonale transformasjonsforståinga om å ta eit nedanfrå - og opp-perspektiv, og at moglegheitene for å påverke, skal gå begge vegar.

Det er ein samanheng mellom dei tre paradigma i førre underkapittel, og til denne gjennomgangen av utviklinga når det gjeld forståinga av diakoni-omgrepet. Det neste underkapittelet står også i nær samanheng med transformasjonsmodellen, og det å vere ein som går mellom.

## **2.2 Konvivialitet**

Diakoni som omgrep, og diakonalt arbeid sin praksis er, som vi har sett, i stadig endring. konvivialitet eit nytt perspektiv som er foreslått innanfor samfunnsutvikling, med *mangfald* som nøkkelomgrep (Haugen, et. al., 2022, s. 31). I gjennomgangen her, vil det bli referert til verdiar og prinsipp som også harmonerer med både gjensidigheits-modellen med fokus på empowerment, og med transformasjonsmodellen som skildra i 2.2.1.

Konvivialitet er ikkje berre eit omgrep som er brukt innanfor diakonien, men også i fleire andre fagdisiplinar. Her blir det teke utgangspunkt i konvivialitet med diakonalt arbeid som referanseramme.

Det er ulike innfallsvinklingar for å forklare omgrepet konvivialitet. Eg startar med å presentere det ut frå tre ulike tradisjonar, slik Addy (2019) legg det fram.

### **2.2.1 Bakgrunn**

Sjølve ordet har spanske røtt, og den spanske tradisjonen leier tilbake på ein periode på rundt 500 år, der jødar, kristne og muslimar levde saman på relativt fredeleg vis (Addy, 2019, s. 161). Den andre tradisjonen stammer frå Paris tidleg på 1900-talet, og fokuset her, er det sosiale og trivelege fellesskapet rundt mat, drikke, avslappande prat, deling av livserfaringar på godt og vondt, idémyldring og gode diskusjonar. Frå Latinamerika kjem perspektivet utvikla av den katolske presten Ivan Illich. Han arbeidde i dei fattigaste nabolaga, og var

kritisk til både unødig teknologibruk og økonomisk vekst (Addy, 2019, s. 162). I hans forståing av konvivialitet, er frigjerung og gjensidig avhengigheit, ibuande etiske verdiar (Illich, 1973, i Addy, 2019, s. 162).

Som Addy påpeikar, kan alle dei tre vinklingane frå bakgrunnen til omgrepet bli utvikla vidare i samanheng med ei kontekstuell forståing av diakoni. Her blir det forsøkt å trekkje fram nokre av dei elementa som kan vere aktuelle for diakonalt fellesskap med utgangspunkt i Kyrkjehagen.

### **2.2.2 Menneskesyn**

Det er allereie halde fram at konvivialitet handlar om kunsten å leve saman. Denne kunsten blir skildra på ein interessant måte i det Addy samanliknar det med å vere gjestfri:

If we are hospitable, we can welcome the stranger and maybe learn something; It may change us or not. If we work for conviviality, we do not reckon with the “other” leaving and therefore we have to work out how to live together (Addy, 2019, s. 164).

Her blir omgrepet drege langt, men det seier oss noko om innstillinga til det å finne ut av korleis denne kunsten kan levast i kvardagslivet. Det er også presisert at ei slik innstilling krev meir enn toleranse – men også gjensidig respekt (Addy, 2019, s.165).

I eit konvivialt perspektiv, har ein tru på at menneske og grupper sine sterke sider, skal kunne brukast til det beste for lokalsamfunnet, og at samfunnsarbeid skal vere tufta på gjensidige relasjonar med ein gjensidig respekt for folk sine skilnader (LVF, 2016, s. 2). Omgrepet omfattar det å leve saman i solidaritet, med delte ressursar og i en felles kamp for menneskeverd og berekraftige lokalsamfunn (LVF, 2016, s. 4). Perspektivet om gjensidigheit er vesentleg for å endre biletet av hjelparar på den eine sida, med dei sårbare og marginaliserte på den andre sida.

I dette, kan det gjenkjennast prinsipp frå presentasjonen av dei diakonale paradigma presentert over. Her er det også relevant å merkje seg ved omgrepet *empowerment*. Omgrepet kan forklarast som ein sosial prosess med fleire dimensjonar, der målet er å hjelpe menneske til å ta tilbake styringa i eige liv, slik at det er mogleg å delta med verdigheit i samfunnet (Dietrich, 2014, s. 21). Dietrich refererer også til LVF (2010), der blir det vist til det

teologiske aspektet ved at empowerment harmoniserer med den Bibelske forståinga av menneske som skapt i Guds bilete, uavhengig av den sosiale situasjonen ein er i (Dietrich, 2014, s. 21). Det å vektleggje å sjå enkeltmenneske, grupper og samfunn sine sterke sider og ressursar, og ikkje berre utfordringar og manglar, er grunnleggjande innanfor konvivialitet, slik det også blir presentert i LVF (2016, s. 16).

Addy er med på å understreke vektlegginga av menneskesynet i relasjonsarbeidet, når han presiserer kor viktig det i eit konvivialt perspektiv, er å vere medvitne om at vi menneske blir forma gjennom dei relasjonane vi har, og at dette også gjeld dei institusjonane vi er i kontakt med gjennom livet. Han legg til at tilhøyrslø, er avhengig av relasjonar, og at personar uttrykkjer sin identitet gjennom den historia dei sjølve fortel om sitt liv. Det å leggje til rette for eit trygt rom der ein kan dele si historie, er med på å gi moglegheita for å styrkje kvart enkelt menneske si oppfatning av eiga påverknadskraft og mynde – *empowerment* (Addy, 2022, s. 176, 177).

### **2.2.3 Nye rom – kyrkja som samfunnsaktør**

I innleiinga blei det stilt spørsmål kring kva *rom* Kyrkjehagen kan representere. Wyller refererer til Foucault sin teori om *rom* og fokuset på korleis menneske blir danna gjennom dei romma ein er i. Det blir skildra at *det andre rommet, heterotopien*, kastar eit kritisk blikk på samfunnet (Wyller, 2017, s. 22). Samstundes som ein i heterotopien kan vere kritisk til den nærliggjande konteksten, skjer det også i kvardagen, stadig ekskludering ved at menneske blir plasserte i andre rom – heterotopiar.

Wyller skildrar observasjonar frå ei kyrkje i Gøteborg, der det er tilbod om medisinsk bistand for papirlause. Det blir skildra at det truleg er få av dei som kjem til dette rommet, som i utgangspunktet er medlemmar av kyrkja, og at språkbarrierar fører til mykje lyd, men lite verbalt språk. Det er kroppsspråk, rørsler og mimikk som er kommunikasjonsmetoden. Ein svensk kyrkjegjengar som pleier å vere der kvar søndag, kan oppleve at her er det «dei andre» sitt rom om han kjem dit ein dag det er medisinsk bistand der. Wyller skildrar korleis deltakarane som er der fordi dei er papirlause og treng hjelp, kan forklare at dei ved å vere til stades med sin kroppslegheit, kjenner empati med kvarandre, og at det blir eit rom for å

praktisere delt menneskelegheit (Wyller, 2017, s. 26, 27). Den svenske kyrkjegjengaren vil ikkje kjenne det same fellesskapet.

Dømet som Wyller referer til, er eit godt stykke unna det rommet som Kyrkjehagen representerer. Samstundes er det noko å kjenne igjen. Wyller viser til Foucault sin kritikk av heteretopiane, men tek også fram kva dei som kjenner seg heime der, kan få ut av desse andre romma i form av motstandsdyktigheit og etablering av ny verdigheit (Wyller, 2017, s. 29).

Konvivialitet handlar om mangfald og gjensidigheit, men også om ei induktiv, deltakande, «*bottom-up approach*», som både gjenkjenner og handterer ulikheit – inkludert ulikheita mellom den tilsette eller frivillig, og «dei andre». Dette blir vidare kalla ein *kunst*, eller ein *praksis*, fordi prosessen kan vere så kompleks og tvetydig (Addy, 2022, s. 180).

Som Addy (2022, s. 186), skriv, er ikkje det å søkje konvivialitet, nødvendigvis berre det å drive problemløysing. Det handlar også om å få til ein dynamikk der utfordringar kan bli sett på dagsorden på nye og kreative måtar – om det er lokale utfordringar – eller problem som ein konsekvens av urettferdige system og strukturar. Addy (2022, s. 187), fortset med at dette igjen representerer ei utviding av den deltakande, kritiske tilnærminga som er gjennomgått tidlegare, og at den også er med å sikre samanheng med bærekraftsmål 16 – delmål 7: «sikre lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå» (fn.no, 12.04.2023).

Berekraft er eit nøkkelord innanfor samfunnsarbeid, diakoni og konvivialitet. Kyrkjelyden som starta Kyrkjehagen var også oppteken av å vere med å skape berekraftige byar og lokalsamfunn, og bruka bærekraftsmål 11 som grunngeving i søknad om prosjektpengar.

Ivan Illich sine ideal om eit nøkternt forbruk, og mindre fokus på materielle ting, er med å gi eit perspektiv på berekraft med tanke på miljøet, som konvivialt. I rapporten frå LVF (2016, s. 41), er også ei av parolane for det konviviale arbeidet vidare, å halde fram at skaparverket ikkje er til sals. På same tid, er det så langt eg har fått oversikt, lite fokus på ei eksplisitt kopling mellom konvivialitet, det økologiske samspelet og vern om skaparverket.

## 2.3 Medborgarskap

I Kyrkjehagen er det ulike menneske som møtes, og det er fleire der som kan ha opplevingar av å ikkje finne plassen sin i lokalsamfunnet. I denne samanhengen, blir det å ha ei utviklingshemming spesielt tematisert. I metodekapittelet står det noko om det etiske dilemmaet det kan vere å setje nokon i ein kategori med ein namnelapp.

Kultur- og likestillingsdepartementet definerer utviklingshemming slik:

*«Utviklingshemming» er ei samlenemning for ei rekkje ulike diagnosar og tilstandar som er knytte til kognitive, språklege og sosiale vanskar. Utviklingshemming fell innanfor det meir overordna omgrepet «funksjonsnedsetjing». Utviklingshemming reduserer evna den enkelte har til mentale prosessar som minne, språk, gjennomarbeiding av informasjon, problemløysing og å tileigne seg kunnskap og erfaring. Det er store variasjonar mellom personane som har utviklingshemming, og behovet for hjelp varierer avhengig av graden av utviklingshemming og tilleggsvanskane. (Meld. St. 8, 2022-2023, s. 6)*

Denne definisjonen vil ikkje vidare blir vektlagt, men tatt med for å gi lesaren eit innblikk i at det her er snakk om menneske som er akkurat like forskjellige som alle andre – men med nokre ekstra behov for å kunne delta og for å utøve sitt medborgarskap.

Lid og Solevåg forklarar medborgarskap, med mellom anna dette:

*Det å kunne ha likeverdige muligheter til å delta som borger på ulike samfunnsarenaer er relatert til de sosiale, samfunnsmessige og relasjonelle aspektene ved variasjoner i funksjonsevne. Medborgerskap handler derfor om å være og kunne bidra som en borger i et samfunn» (Lid og Solevåg, 2020, s. 8).*

Omgrepet og tematikken rommar som vi ser, svært mykje interessant, og viktig. Her er det vidare gjort eit utval, ut frå det som blir vurdert som mest relevant ut frå problemstillinga.

### 2.3.1 Endringar, rettar og tilgjengelegheit

Inger Marie Lid skriv om korleis synet på det å ha ei funksjonsnedsetjing eller utviklingshemming, har endra seg. Det er mellom anna skildra at i framveksten av det

medisinske fagfeltet, blei funksjonsnedsetjing konstruert som noko negativt og ikkje ønska. Menneske med funksjonsnedsetjingar blei teke ut av ein større samfunnssamanheng, segregert i eigne einingar, og var sjeldan å sjå i det vanlege samfunnslivet, eller i kyrkja (Lid, 2017 (2, s. 39).

I Stortingsmelding 8 (2022-2023), er det vidare skildra korleis utviklinga har vore via ei sosial forståing, til ei relasjonell forståing der det sidan 1980-talet har vore vektlagt samspelet mellom dei individuelle faktorane, og måten samfunnet er innretta på med sine barrierar. Dette blir igjen, i ei vidareutvikling, kalla den menneskerettslege forståinga, og det blir presisert at det viktigaste i denne modellen, er at menneskerettane til eit individ aldri kan avgrensast med grunngjeving i ei funksjonsnedsetjing (Meld. St. 8, 2022-2023, s. 5,6).

*Medborgarskap*, der alle menneske har same verdi, og same rettar til å leve i samsvar med sin ibuande verdigheit, blir halde fram som ei side av den menneskerettslege modellen. Lid og Solevåg (2020) relaterer medborgarskap til FN sin *konvensjon om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne*, som Noreg ratifiserte i 2007. Tilgjengelegheit er nøkkelord i konvensjonen. Ein ting er å ha dei same rettane som andre. Noko anna er å ha moglegheit til å bruke rettane sine ved at det blir tilrettelagt.

### **2.3.2 Teologi og kyrkje i møte med mangfald**

Frå rapporten til LVF (2016), blir det understreka at synet på vår neste som skapt i Guds bilete og som Kristi søster eller bror, er vesentleg slik LVF definerer konvivialitet. Dette er med på å legitimere alle menneske med eit likeverd der verken den som engasjerer seg i diakonalt arbeid, eller andre, blir sett som perfekte eller feilfrie, men på same veg (LVF, 2016, s. 4).

Når det kjem til kvar kyrkja og teologien står når det gjeld menneske med funksjonsnedsetjing, er Lid og Solevåg (2020) aktuelle med sine undersøkingar. Det blir påpeika at det i liten grad er arbeid tekstfortolkande og tradisjonskritisk i forhold til Bibeltekstar som kan handle om funksjonsnedsetjing. Dette blir problematisert ved å eksemplifisere at førestillingar kan henge igjen i form av alt frå ureflekterte idear om lækjedom og verdsetjing av nokre kroppar meir enn andre, forståingar av normativitet og annleisheit, og til utforming av planar og kyrkjerom (Lid og Solevåg, 2020, s. 13).

*Skapnadsnåde*, er eit omgrep som skildrar livet og verda som gjeve i skapinga (Christoffersen, 2011, i Lid, 2017 (1), s. 146). Det blir understreka den kristne trua på Gud som har skapt oss menneske – i fleirtalsform – som vi skal vere, med dei ulikhetane vi har, og i Guds bilete (Lid, 2017 (1), s. 154). Lid refererer til Christoffersen, sin artikkel; *Skapelsesnåde*, og presiserer at skapnadsnåden omfattar heile skaparverket og alt det skapte. Vår felles erfaring av funksjonsnedsetjing, som ei av menneskelivets livserfaringar, er ein viktig del av skapnadsnåden (Lid, 2017 (1), s. 153). Som Lid påpeikar, er det ikkje dermed sagt at det ikkje kan vere konkrete formar for menneskelege liv som byr på vanskar og som krev ekstra støtte. Å ta i mot livsvilkår, er ikkje berre er ei oppgåve for individet, men for samfunnet (Lid, 2017 (1), s. 152). Difor må det også takast fram samfunnsmessige konsekvensar av mangfald som gåve og oppgåve (Lid, 2017 (1), s. 155).

Desse fundamentale føresetnadane, tematiserer også Sturla Stålsett når han forklarar vår felles menneskelege sårbarheit, i det at vi alle er sårbare på ulike måtar. Det blir beskrive at ingen kan leve utan relasjonar, noko som igjen inneber sårbarheit. Vi er sårbare i og gjennom relasjonane vi er i, og sårbarheita er ein del av det som held oss saman, og er med på å konstituere sjølve livet (Stålsett, 2020, punkt 9). Stålsett problematiserer at eit medvit om vår felles sårbarheit bør vere med på å ansvarleggjere politiske system og strukturar som opprettheld urettferd og fastlåste rammer for leveføresetnadane til enkeltmenneske og grupper. Det blir halde fram kor problematisk det er å peike på den såkalla sårbarheita til enkeltindivid, framfor å løyse strukturelle utfordringar på systemnivå (Stålsett, 2020).

Kari Jordheim held også kyrkja sitt ansvar som samfunnsaktør og som kristent fellesskap oppe, når ho drøfter rapporten frå LVF (2016) opp mot kyrkje og diakoni i eit funksjonshemmingsperspektiv (Jordheim, 2020). Jordheim tek til orde for at menneske med nedsett funksjonsevne, representerer eit mangfald som mange lokale kyrkjelydar ikkje i stor nok grad har teke på alvor og opna opp i forhold til. Ei av grunngjevingane, er menneskesynet som blir lagt til grunn i ein konvivial tankegang, om at alle menneske frå skapinga av er kalla til å leve saman i mangfaldige fellesskap, at det er med å stadfeste Guds skapartanke og er eit område kyrkja må arbeide meir med (Jordheim, 2020, s. 115).

Når Jordheim tek fram at alle menneske er kalla til å leve saman, er det i samsvar med medvitet om det kollektive menneskesynet, som legg opp til at vi også har ein felles sårbarheit.

### 2.3.3 Daglegliv og tilhøyrse

Det er ikkje berre i kyrkjelege samanhengar at menneske med utviklingshemming kan oppleve eksklusjon. Her blir det trekt fram nokre perspektiv på denne utfordringa.

I den ferske stortingsmeldinga om menneskerettar for personar med utviklingshemming, blir det halde fram ei rekkje område der det norske samfunnet er på god veg mot tilbod som i større grad tek menneske med utviklingshemming sine menneskerettar på alvor. Det blir samstundes vist til ei rekkje utfordringar som det framleis må jobbast mykje med, og departementet uttrykkjer det mellom anna slik:

Å få dyrke sine egne interesser og preferansar gjennom å delta i kultur- og fritidsaktivitetar, bidreg til auka livskvalitet og er sentralt for at ein person kan utfalde seg i livet, og sjølvråderetten. Mykje tyder på at moglegheita til å delta på fritidsaktivitetar ofte blir nedprioritert. (Meld. St. 8, 2022-2023, s. 159)

Ansvar for eit forsvarleg tilbod for personar med utviklingshemming ligg til kommunane. Det blir også drege fram kor viktig eit aktivt nærmiljø der andre aktørar innan fritid, kultur, idrett, trus- og livssynssamfunn, samarbeider om eit lokalmiljø som gir auka moglegheit for aktiv deltaking. Det er også verd å merke seg at det her spesifikt blir påpeika at Den norske kyrkja får stor statsstøtte som mellom anna skal gå til dette arbeidet (Mld. St. 8, 2022-2023 s. 149-161).

I Sintef-rapporten; *Likestilt, normalisert og inkludert?* (Høyland et.al. 2021, s. 5), blir det referert til gode prosjekt der personar med utviklingshemming eig bustadar i ordinære nabolag. Trass i at det var eit mål om inkludering i nabolag og nærmiljø, viser prosjekta i liten grad positive samspel mellom naboane, og at det er få møteplassar i nærmiljøet. Det er eit lite utval som er tatt med i undersøkinga bak rapporten, men det er likevel verdt å merke seg at ingen av dei spurte kan fortelje om at det har oppstått nettverk og aktivitetar saman med andre i nærmiljøet (Høyland et. al. 2021, s. 56).

Professor i pedagogikk; Melanie Nind, og professor i spesialpedagogikk; Iva Strnadová, synleggjer menneske med utviklingshemming som ei marginalisert gruppe. Det blir referert til at menneske med utviklingshemming og deira familiar blir skildra som krevjande å ha med å gjere, og som ei ressurskrevjande og lite lønnsam og gruppe (Nind og Strnadová, 2020, s. 2,



3). Dette er skrive ut frå Britiske forhold, men det er likevel funn som er vel å merke seg også her i Noreg.

Ein livsfase som særleg blir skildra som utfordrande, er overgangen frå barndom til vaksenliv. Nind og Strnadová (2020, s 11), skildrar denne omveltinga svært sårbar, der det kan vere krevjande for foreldre å orientere seg i dei nye tenestene, og at det manglar gode overføringar og rutinar i hjelpeapparatet.

Relasjonane blir vidare skildra som svært essensielle, og det blir understreka viktigheita av det å høyre til – å aktivt få gjere noko, *to do*, i staden for å «bli gjort for» *be done to*. (Individuals Standard 3, Doukas et al. 2017, p. 32) i Nind og Strnadová (2020, s. 12). Det å delta aktivt i nærmiljøet sitt, blir skildra som ei utfordring for vaksne menneske med utviklingshemming. (Nind og Strnadová, 2020, s. 13). Det blir vidare understreka at det ikkje berre er meningsfylte aktivitetar som blir eit tap, men også tap av *community*. Dette presiserer dei slik:

Community involves meaningful relationships and social ties and networks with people beyond those paid to be in their lives providing services. (Nind og Strnadová, 2020, s. 13)

Nind og Strnadová koblar saman *community* og livskvalitet. Dei tematiserer også uttrykkjet; *inclusion (inkludering)*, og argumenterer for at *belonging (tilhøyrse)*, er eit betre uttrykk, då dette krysser grensene for kven som er «innanfor» og kven som er «utanfor» (Nind og Strnadová, 2020, s. 196). Her er det element som tek oss med tilbake til dei diakonale omgrepa og paradigma presentert over, der omgrepet *inkluderande fellesskap* blir problematisert, og gjensidigheit og transformasjon har blitt meir aktualisert.

### **2.3.4 Kommunikasjon og tilhøyrse**

Når det gjeld tilhøyrse, framhevar også Nind og Strnadová (2020) betydninga av å kunne kommunisere med omgjevnadane sine, og ha ei kjensle av at ein kan påverke desse. Ein av medforfattarane av refererte bok, McCormack, legg fram korleis ulike hjelpemiddel kan bidra til at menneske med utviklingshemming – og lite verbalt språk, kan uttrykkje seg, oppleve påverknad, og også få moglegheit til å fortelje si historie. Som McCormack (2020, s.

110), skriv, er det å kunne formidle, og å dele si historie, eit viktig ledd i det å skape felles minne – og tilhøyrsløse.

Kommunikasjon – moglegheit til å formidle, bli forstått, kunne påverke - og ta imot andre sine budskap, er essensielt for oss som menneske, og for kjensla vår av å høyre til. Dette er også understreka i artikkelen; *Doing and talking: People with intellectual disabilities Handling of challenges of remote communication* (Alhassan et.al. 2022). Artikkelen handlar først og fremst om moglegheitene som finns når det gjeld digital kommunikasjon. Sjølv om det ikkje er digitale flater som er tema her, har artikkelen med seg nokre kjerneelement når det gjeld kommunikasjon, fellesskap og tilhøyrsløse.

Det blir mellom anna presisert at kommunikasjon ikkje berre handlar om det verbale, men at at det også kan gjelde interaksjonar som handlar om det å *gjere saman*. Det blir vidare vist til Eige og Eide (2017), som går tilbake til den latinske grunnforma, og understrekar at *communicare* også kan inkludere det å *gjere saman, ha interaksjon med og ha forbindelse med* (Eide og Eide i Alhassan et.al., 2022). Gjennom artikkelen blir det skildra, korleis ein av forfattarane, som har ei utviklingshemming, får styrka si moglegheit til å bli forstått, og til å påverke, ved at foreldre responderer raskast råd på dei uttrykka som blir gjeve, slik at det er ein samanheng i uttrykka, initiativet, og det som skjer. Det blir også halde fram psykologiske studiar på dette, som byggjer opp under at livskvaliteten for menneske med utviklingshemming har samanheng med deira moglegheit for sjølvbestemming (Wehmeyer og Schwartz, i Alhassan et.al., 2022, s. 324).

Alhassan med fleire, held vidare fram kor krevjande det er når menneske med utviklingshemming og lite verbalt språk, opplever å ikkje kunne kommunisere med menneske i dagleglivet. Det blir peika på at det her er majoriteten som manglar gode alternativ for kommunikasjon (Alhassan et.al., 2022, s. 325). Undersøkinga som er gjort, viser at majoritetsbefolkninga med eit etablert verbalt språk, har vanar for kommunikasjonsform som kan vere krevjande å endre på. Det å reflektere saman om dette, skape rom for å leggje merke til, å ta til seg kunnskap frå personar med utviklingshemming, blir vurdert som ein nøkkelfaktor til å meistre kommunikasjon på tvers av ulike forutsetningar (Alhassan et.al., 2022, s.328).

## 2.4 Hagen som rom

Det er mange måtar å sjå på hage og hagearbeid på. Her vil eg presentere hagen som *rom*, og også ta med nokre perspektiv om hagen som arena for menneskemøte, og ein stad å vere. Hagen er ein stad der menneske møter natur, og tek del i skapingsprosessane. Det blir til slutt halde fram ein kortfatta presentasjon av nokre teologiske perspektiv som kan vere interessante å ha med i denne samanhengen.

### 2.4.1 Ein stad for sjel og sinn

Det er forska ein del på kva hagearbeid kan ha å bety for arbeid innanfor både fysisk og psykisk helse. Det er mange vinklingar på dette, og moglegheit for å gå breitt ut og hente teori frå svært ulike retningar som tek utgangspunkt i ulike disiplinar og i ulike kulturar, tradisjonar og også religionar. Her blir det ikkje prioritert å gje ei oversikt over dette, men det blir sett som relevant å ta fram noko av det Grethe Nordhelle omtalar i boka: «Hagepsykologi» frå 2015.

Nordhelle er klinisk psykolog, og har sin eigen klinikk på Bygdøy, der ho også har hagen sin. Ho skriv om korleis naturopplevingar si gunstige påverknad av mennesket har blitt ein del av vitskaplege studiar dei siste åra. Det blir skildra korleis hagen er ein del av naturen – i fortetta form – men at den samstundes representerer mennesket i enda større grad, fordi vi som menneske går inn i aktive skapingsprosessar som blir ein sentral del av samhandlinga vår med naturen (Nordhelle, 2015, s. 20).

Det er interessant å sjå kva Nordhelle skriv om hagen sin rytme, der alt har si tid og sitt tempo, som det sjeldan er konstruktivt å legge seg borti. I hagen kan ein la seg påverke av denne rytmen, og få moglegheit til å korrigere sin eigen (Nordhelle, 2015, s. 21). Ho legg vidare til det ho skildra som den *psykologiske næringa* ein kan ta til seg, ved å vere nærverande og sanse i ein hage (Nordhelle, 2015, s. 24).

Innanfor psykologien er persepsjon eit faguttrykk som forklarar korleis hjernen oppfattar behag og ubehag gjennom sansestimulering. I ein hage kan ein styre naturelementa slik at ein får sansestimulering i positiv retning. Nordhelle skriv om korleis ho opplever at hennar klientar har nytte av hagen i krevjande tider, som eit supplement til den behandlinga ho sjølv

gir. Ho skildrar det slik: «Vi kan både bli berørt og berøre naturens vekster og andre naturelementer i hagen» (Nordhelle, 2015, s. 68).»

Nordhelle skriv om korleis ein hage er ein skapande prosess, og at sjølve prosessen med å skape, kan vere sjølvhelbredande og harmoniserande (Nordhelle, 2015, s. 28). Det blir vidare lagt vekt på at eit skapande uttrykk som ein hage er, kan bidra til ei positiv identitetsbygging når det igjen blir bekrefta av andre (Nordhelle, 2015, s. 30).

Nordhelle er oppteken av alt naturen kan lære oss, og det blir presisert at alt i naturen har sin funksjon der ingenting er tilfeldig. Herifrå stiller ho vidare spørsmål ved om vi som menneske også klarar å finne vår eigen plass og ta i bruk våre ressursar (Nordhelle, 2015, s. 113).

Det blir halde fram korleis ein hage har mangfaldige funksjonar i menneske sine liv, og at det er dei samlande funksjonane som har ei harmoniserande kraft på oss. Det at ein hage er noko levande, noko organisk som krev noko av oss, kan vere både positivt og negativt i ein samheng der menneske forhold seg til mange andre krav og dynamikkar. Nordhelle har eit treffande sitat på dette:

Siden hagen består av levende natur, vil aldri to dager bli like. Noe aktivitet vil alltid være nødvendig, og dette gir i seg selv positivt engasjement. Å glemme seg selv til fordel for noe eller noen som trenger oss er berikende så lenge vi ikke gjør hagen mer krevende enn det som gjør godt. (Nordhelle, 2015, s. 26)

Her kjem det fram kor viktig det er for menneske å ha noko eller nokon å engasjere seg for, eller i, og det kjem på denne måten fram ein samheng til det som tidlegare er presentert om tilhøyrsløse og meining.

#### **2.4.2 Teologiske vinklingar på Skaparverket**

I den kristne kyrkja blir det lagt til grunn at Gud er Skaparen bak alt og alle som lever, og at det er Gud si skapargjerning som framleis held livet ved lag (Hegstad, 2015, s 89 f.f.).

Det er ulike måtar å lese Bibelen på, og kva tekstar ein vektlegg. Her blir det ikkje halde fram konkrete døme på dei ulike tekstane, eller tolkingar. Det er likevel viktig å få fram at nokre

bibelvers kan lesast på den måten at ein skaper skilje mellom mennesket og skaparverket elles, og dei set mennesket i ei herskarrolle. Det er også vers som kan lesast slik at denne jorda er noko som skal gå under, og dermed ikkje treng vern i vår tid. Andre tekstar og ei anna lesing, legg vekt på ei meir audmjuk tolking av mennesket si rolle i den store samanhengen. Her finns det tekstar som lovpriser skaparordninga, og Gud som skapar og den som stadig opprettheld syklusane (Hegstad, 2015).

Når det gjeld synet på naturvern, klimaendringar og kyrkja sitt ansvar, har det skjedd mykje den siste tida. I presentasjonen av transformasjons-modellen, blei det teke fram auka medvit om det diakonale ansvaret kyrkja har i å halde fram den gjensidige avhengigheita det er mellom menneske og naturen (Ham, 2014). Over er det også referert til LVF si markering av det økologiske samspelet i Diakoni i kontekst (LVF, 2010).

Eit viktig signal om dette samspelet, vart også sendt ut til den verdsvide kyrkja, då pave Frans ga ut «Laudato si`» i 2015. I skrivet vedkjenner han dei menneskeskapte klimaendringane, og han maner til handling for å ta vare på jorda, «*vårt felles hjem*». Pave Frans uttaler at vi ikkje kan tenkje at menneska er ein einskap for seg sjølv, og resten av skapnaden i ei anna eining. Kyrkja må ta heile skaparverket og naturen på alvor på same måten som at alle menneske, med sine behov og ressursar skal takast på alvor.

Kyrkja i Noreg har dei siste åra også teke fram ei tydelegare stemme i det å ta vern om Skaparverket på alvor. Det er mellom anna teke initiativ til fellesprosjektet; *bærekraftsboka (Kirkens nødhjelp et al.)* og Bispemøtet sin ressurs; *Guds skaparverk, vår heim – Tru, håp og handling. Ein bodskap om det kristne kallet i møtet med klimakrisa (Bispemøtet, 2021)*. Dette er relativt nye dokument, og det vil vere interessant å fylgje med på kor stor grad kyrkjene klarar å nytte desse ressursane på hensiktsmessige måtar.

Jari Visto er knytt til The Church Resources Agency i Finland, og har hatt, og har ulike verv innan kyrkje og bærekraft. I eit nyleg foredrag, introduserte han Kate Raworth sin *doughnut-model* (doughnuteconomics.org, 05.05.2023). Med doughnut-modellen, er det eit mål å finne arbeidsmetodar som gjer at dei økologiske samanhengane frå naturen, blir liggjande som eit utgangspunkt rundt alt anna arbeid når det gjeld økonomiske strategiar og sosiale utfordringar. Det er oppretta eit eige samfunn; Doughnut Economics Action Lab (DEAL), som ynskjer å ta prinsippet om doughnut-økonomi, frå å vere ein radikal idé, til å vere

transformativ handling (doughnuteconomics.org, 05.05.2023). Det er utarbeidd konkrete verktøy for korleis ulike organisasjonar, som kyrkjer, kan bruke modellen i plan- og vedtaksarbeid.

Universitetet i Stockholm presenterer også; *weddingcake-model* (Azote for Stockholm Resilience). Modellen er knytt til berekraftsmåla, og idéen om at arbeid med mål nr. 6 (reint vatn og gode sanitærforhold), 13 (stoppe klimaendringane), 14 (Livet i havet) og 15 (Livet på land), må ligge som eit grunnlag for arbeid med alle dei andre måla. Visto appellerer til å bruke desse modellane i kyrkjelege samanhengar, og til å i større grad ha naturen med på lag i det diakonale arbeidet. Han viser til dei teologiske motsetningane mellom eit antroposofisk og eit skapingscentrert syn, og at ein må over på å tenkje at naturen kan vare ein medarbeidar. Det blir nemnd døme på naturen som ein ressurs når det gjeld teologiske metaforar, personlege prosessar, og også ein stad for å søkje det heilage. Visto viser til naturen som medarbeidar i det å finne nye samarbeidsaktørar, og som ein arena for å setje i gong prosessar som legg opp til empowerment. I mangel på litteraturreferansar, refererer eg her til mine eigne notat, som er teke ut frå PowerPoint-presentasjon og webinar i regi av VID, 21.04.2023.

Teologien skal kunne både tolke, inspirere og forstyrre den diakonale praksisen, og slik vere ein ressurs (Stålsett, 2021). I det diakonale arbeidet er det ei stor oppgåve å kunne bruke den teologiske ressursen, også med tanke på klimautfordringar og det samla Skaparverket.

Det er no gjeve ein presentasjon av ei rekkje perspektiv som alle kan relaterast til diakonalt arbeid. Desse vil kunne gjenkjennast i analysedelen og vil bli teke vidare opp i drøftinga. Før dette, blir gjort greie for framgangsmåten i studien.

## 3 Metode

Her blir det skildra kva som er gjort i studien, og det blir også lagt fram grunngjeving for kvifor det er gjort slik. Det er vesentleg at lesaren får eit innblikk i metoden, for å kunne gjere seg opp ei meining om arbeidet sin relevans og truverd, og korleis kunnskapen plasserer seg i fagfeltet. I metodekapittelet blir det teke med skildringar og grunngjevingar eg vurderer som mest hensiktsmessig å seie noko om når det gjeld planlegging, gjennomføring, og tolking. Særlege etiske omsyn blir teke opp til slutt.

### 3.1 Kvalitativ metode

Eg har vald å bruke kvalitativ metode i denne studien. Som Tjora (2021, s. 17) skriv, er kvalitativ forskning følsam for den konteksta ein er i, og ein kjem gjerne tett innpå dei ein vil forske på. I denne studien er nettopp dette eit poeng, der det er ein ny, konstruert kontekst, og menneske si oppleving av den, som blir studert. Kvalitativ forskning er mangfaldig, og den kan både vere driven fram av empiri og teori (Tjora, 2021, s. 27). I dette tilfellet, er det nettopp dette som skjer. Eg har gjennom heile prosessen bevega meg mellom dei funna eg har gjort, og teorien som eg stadig har fått større innsikt i. Dette kan dermed kallast ein *abduktiv metode*, der eg har starta med det materiale eg har fått gjennom empirien, men også teke med ulike perspektiv frå teorien gjennom heile prosessen (Tjora, 2021, s. 40).

Samstundes som eg gjennom studien er i rørsle mellom empiri og teori, er det også ei rørsle mellom forforståing og fortolking. Eg gjekk inn i studien med min bakgrunn og forforståing. Nye fortolkingar var med på å endre mi eiga oppfatning, som på ny blei teke med inn i ei ny fortolking. Den hermeneutiske spiralen er noko eg har forsøkt å vere medviten på i prosessen gjennom denne studien. Hadde studien romma meir tid, til å ta nye rundar tilbake til informantane med den nye forståinga, hadde kunnskapen blitt bearbeidd og vidareutvikla på nye måtar igjen. Som Kvåle og Brinkmann (2012) uttrykkjer, er det i interaksjonen mellom den som intervjuar og informanten, at kunnskapen blir skapt.

## 3.2 Planlegging

Det vart tidleg klart at det var kvalitative intervju som ville vere den beste hovudkjelda for å samle materiale til denne studien. Ved oppstart, var det ulike vurderingar opp mot kven det var relevant å intervju, og også kor mange informantar det var hensiktsmessig å ha.

Dei involverte i kyrkjehagen er naturlege intervjuobjekt fordi dette prosjektet blir brukt til å studere *diakonalt fellesskap*. Som Kvåle og Brinkmann (2015, s. 148) skriv, er det eit spørsmål om kor mange som trengs for å finne ut av det eg vil vite. I og med at det så langt ikkje er så mange involverte i prosjektet, ville eg starte med fem informantar. Informantane blei plukka ut, og førespurt i samråd med koordinator for prosjektet. Etter å ha gjennomført dei fem intervju, blei det vurdert at dette var tilstrekkeleg fordi det var ei breitt mangfald av informantar som blei representert i dette utvalet.

Gjennom ein intervjuprosess, er det kunnskap som blir konstruert i møtet mellom den som er informant og den som intervjuar (Kvåle og Brinkmann, 2015, s. 335). Dette var viktig for meg å vere medviten på, allereie frå eg starta planlegginga. I planleggingsfasen, forsøkte eg å sjå føre meg dei ulike prosessane i studien. Det blei sendt inn søknad om godkjenning til Nasjonalt senter for datainnsamling (Heretter: NSD). Vidare blei det laga ein plan for når intervju burde skje, når transkriberinga burde vere ferdig, og korleis eg skulle arbeide vidare med materiale i samspel med teorien. Parallelt med datainnsamlinga, har eg funne relevant teori og jobba med denne opp mot problemstillinga.

Eg hadde som hensikt å også vere til stades i denne hagen for å observere under felles aktivitetar. Dette fekk eg ikkje til på grunn av store avstandar, og også fordi det i det aktuelle tidspunktet stort sett var vintertid og lite aktivitet i hagen. Eg kunne der hatt moglegheit til å få informative observasjonar. Dette kunne vore med å støtte opp under, eller gitt eit kritisk blick på det informantane hadde sagt, og også mi eiga forståing.

## 3.3 Gjennomføring

Det blei brukt semistrukturerte intervju, eller djupneintervju. Å intervju nokon er eit spennande arbeid som krev god førebuing, ei bevisst haldning til korleis ein opptrer i intervjuet og korleis materialet blir handsama og brukt i etterkant.



### 3.3.1 Intervju

I dette tilfelle blei det brukt ein intervjuguide (vedlegg 1), som vart godkjent av NSD. Dei som blei intervju, fekk eit samtykkeskjema (vedlegg 2) med informasjon om kva materialet skulle brukast til, korleis det skulle handsamast, samt informasjon om konfidensialiteten. Sjølv om prosjektnamn og personnamn er fiktive, er det ein moglegheit for at personar kan gjenkjennast. Dette blei dei eg intervju informert om.

Det var eit ynskje å hente inn livsverda til dei som blei intervju, slik Kvåle og Brinkmann (2015) skildrar metoden, for så å kunne fortolke tydinga i det som blir fortalt. Eg brukte semistrukturerte intervju for å forsøkje å leggje opp til ein samtale rundt tydinga av ulike fenomen, samstundes som eg styrte intervjuet ut frå formålet til studien. Eg hadde behov for å få svar på nokre faktaspørsmål om prosjektet. Samstundes var det i hovudsak *meininga* i det som blei sagt, eg ville finne meir ut av, slik også Kvåle og Brinkmann (2015, s. 47) skildrar eit av dei viktige formåla innanfor kvalitative intervju.

Undervegs i intervjuet ville eg teste ut at eg hadde oppfatta budskapet riktig, ved å undervegs be om ei avkrefting eller stadfesting. Dette blei ikkje gjort konsekvent, men eg forsøkte å vere særleg medviten dette i dei situasjonane der eg var usikker på om eg hadde forstått det riktig. I intervju forsøkte eg å ta ein bevisst naivitet slik Kvåle og Brinkmann (2015, s. 48) skildrar det. Eg hadde mange førestillingar om prosjektet før eg starta, og engasjementet mitt og egne erfaringar med tematikken, gjorde at eg måtte forsøkje å bevisst stille så ope som eg kunne. Intervjuguiden brukte eg for å strukturere samtalen, samstundes ønska eg å nullstille så godt eg kunne for å følgje den eg intervju i den grad det var hensiktsmessig.

I løpet av intervjuet ønska eg å vere merksam på den mellommenneskelege situasjonen dette er. Som Kvåle og Brinkmann (2015, s. 49) skriv, er kunnskapen som blir produsert i eit intervju, skapt i eit samspel. Eg skulle intervju ulike menneske med ulik tilknytning til prosjektet, og eg kjende dei ikkje frå før. Dei eg intervju posisjonerte seg sjølv i ulik tilknytning til prosjektet, og det vart svært ulik dynamikk i samtalanene. I og med at dei eg intervju hadde så ulike roller i prosjektet, blei det krevjande å samstille intervju og samanlikne dei. På same tid var det spennande å sjå korleis nokre tema og kategoriar kunne overlappe, sjølv om utgangspunktet var så forskjellig.

Det asymmetriske maktforholdet mellom meg som intervjuar, og dei som blei intervjuet, snudde seg på ulikt vis ut frå kva rolle intervjupersonen hadde. Eg forsøkte å vere merksam på korleis dei asymmetriske forholda ville påverke intervjuet – særleg med tanke på maktforholdet ein har som forskar og den som skal fortolke. Eg var spent på korleis min veremåte og kommunikasjonen mellom oss ville påverke det som kom fram i intervjuet.

Eg forsøkte å leggje opp til ein avslappa stemning i intervjuet, slik at det skulle vere ope for både digresjonar og det å tenkje høgt (Tjora, 2021, s. 132,133). På same tid, var det også viktig for meg å ta ansvar for rammene, slik at den eg intervjuet ikkje skulle oppleve at det tok for lang tid, eller at det var vanskeleg å vite kva eg ønska svar på. Ein slik situasjon kan bli tvitydig (Tjora, 2021, s.134). Dette var noko eg forsøkte å vere medviten på i planlegging og gjennomføring av intervjuet, og det verkar som at informantane opplevde at dei hadde rom for å prate ope og fritt. Ved eitt tilfelle, var det ei misforståing om når intervjuet skulle skje, og det førte til at det blei litt lita tid. Dette var noko eg hadde ansvar for ikkje skulle skje. Det kan vere at denne informanten opplevde at det blei for hektisk, og at ivaretakinga ikkje blei slik den skulle vere. På same tid, var det mange viktige moment som kom fram i intervjuet, og det verka som at informanten fekk fram det som var relevant.

To av intervjuet blei gjennomført i kyrkja, eitt heime hos ein informant, og eit fjerde intervju på arbeidsplassen til informanten. Det femte intervjuet måtte skje over telefon på grunn av sjukdom den planlagde dagen for oppmøte. Eg opplevde at samtalen på telefon også hadde god flyt og djupne, sjølv om det blei ein distanse der. Dette kunne vore krevjande dersom det var ein informant som ikkje er van til å bruke digitale hjelpemiddel, eller om vi ikkje hadde hatt same morsmål. Vi hadde også helsa på kvarandre på førehand, så det førte også til at vi kjende litt til kvarandre.

### **3.3.2 Transkribering, koding og kategorisering**

Under intervjuet, blei det bruka lydopptakar. I søknaden til NSD, var det med ei godkjenning for at det kunne brukast eit godkjent byrå for transkribering av opptaka. Dette blei likevel ikkje nytta, og eg transkriberte intervjuet sjølv. Gjennom denne prosessen fekk eg enda betre kjennskap til materialet, og eg kunne lettare kople saman dei sosiale og emosjonelle aspekta ved intervjusituasjonen, slik Kvåle og Brinkmann (2015, s. 207) skildrar det. Dette var nyttig,

og analyseprosessen starta allereie der. Eg valde å skrive ordrett ned det som blei sagt, men alt blei gjengjeve på standard skriftspråk utan dialektord og tilpassingar. Der det var ordstillingsfeil på grunn av at informanten hadde eit anna morsmål, blei det i transkriberinga gjort om på. Eg forsøkte å få med småord dersom dette var noko eg tolka som ei nøling som kunna ha noko å seie for meininga i sitatet. Nokre andre småord blei tatt bort for å ikkje forstyrre for mykje i lesinga, som «eh», eller «liksom» (Kvåle og Brinkmann, 2015). Eg skreiv ned gjentakande ord, som kunne kome fordi personen var usikker på korleis vedkomande skulle uttrykkje seg vidare. Det blei vidare skrive ordrett ned det eg sjølv sa, men eg tok ikkje med alle gongar eg sjølv sa «mm» eller «ja» i løpet av intervjuet utanom der eg oppfatta dette som noko som hadde innverknad på informanten sine uttrykk vidare.

Etter transkriberinga var gjort og dei første tankane mine var notert ned i eit parallelt dokument, gjekk eg gjennom alt materiale. Eg merka meg ved sitat, omgrep og meiningsutsegn som kunne vere relevante for tematikken, og noterte dette i eit eige skjema.

Eg ville finne merkelappar på dei ulike utsegnene slik Anker (2020, s. 75) skildrar det å kode materialet. I denne prosessen var eg litt fram og tilbake med kva for merkelappar det var hensiktsmessig å bruke. Ved første gjennomgang tok eg mest omsyn til dei utsegna som kom frå informantane, og det ein kan kalle ei induktiv, eller empirinær tilnærming (Anker, 2020). Etter fleire gjennomgangar av materiale, parallelt med gjennomgang av teori, drøfting med rettleiar og andre, fann eg også kodar frå teorien som eg ynskte å bruke som merkelappar. Ein del av desse merkelappane hadde også utgangspunkt i dei spørsmåla eg stilte meg ved starten av prosjektet. Denne delen av analysen blei dermed ein kombinasjon av ein induktiv og deduktiv analyse, eller ein abduktiv analyse, slik mellom anna Anker (2020, s. 79) skildrar det.

Etter nok ein gjennomgang, samla eg saman fleire av kodane i tre kategoriar. Desse sette eg igjen opp i eit nytt oppsett der eg kunne samanstille dei ulike informantane sine utsegn om dei same kategoriane. Eg brukte fargekodar for å skilje kvar informant, og ga eit nummer til kvar av fargane. Sjølv hugsa eg i kva for rekkjefylgje eg hadde intervjuar dei ulike informantane.

Som Kvåle og Brinkmann (2015, s. 227, 228) tek fram som eit poeng, er det alltid ei fare ved å sette utsegn i kodar og kategoriar. Ein risikerer på denne måten å forenkle utsegn som

høyres til i ein kompleks kontekst som krev så mykje meir enn ein merkelapp for å forstå ein liten del av. Her blir ein del av utsegna gjengjeve med lengre sitat for å gje lesaren ei større forståing av kva informanten meiner. Det vil uansett, vere ein av faktorane i ei analyse, at det er mange moment og lag av meining som forsvinn, og ikkje blir teke med i den vidare framstillinga av funna.

### 3.3.3 Generalisering og utveljing

Det er eit særskild prosjekt som blir fylgt i denne studien. Ein kan på denne måten kalle det ein case-studie (Tjora, 2021). På same tid gjekk eg inn i dette prosjektet med ein viten om at det ikkje er lett å generalisere funna i denne casen til ein annan – fordi det er få liknande prosjekt. Det kan vere riktig å kalle dette eit eigentleg kasusstudium, fordi det blir utført for å forstå akkurat dette kasuset (Stake 2005, i Kvåle og Brinkmann, 2015, s. 290). Eigentlege kasus-studiar, har ein verdi i seg sjølv, og som Kvåle og Brinkmann (2015, s. 290) uttaler, er Stake på denne måten ei motsetjing til tradisjonell vitskap, der det har vore eit strengare krav om at funna skal kunne generaliserast. I dette tilfellet, er det interessant kva akkurat dette prosjektet har av erfaringar når det gjeld *diakonalt fellesskap, hage og konvivialitet*. Det er samstundes eit mål at noko av kunnskapen som blir produsert, skal kunne la seg generalisere, slik Kvåle og Brinkmann (2015, s. 290) skildrar det, til andre prosjekt som ynskjer å vere eit *diakonalt fellesskap*.

Gjennom prosessen med analyse av funna, var det eit stadig arbeid med å halde fram kva som skal med, og kva som ikkje er relevante utsegn. Det var ein kontinuerleg prosess å finne ut av kva som var relevant for problemstillinga. Eg var gjennom heile prosessen, oppteken av å få fram den same meininga som informantane mine uttrykte. Det var ikkje alt som kunne vere med, og det var svært viktig å vere merksam på at utveljinga ikkje handla om å fordreie eller å forteie utsegn som kunne føre til at heilskapen ikkje vart ivareteken, eller at motsetningar ikkje blei teke på alvor slik også *De nasjonale forskningsteiske komiteene* (heretter: NESH) påpeiker som essensielt (NESH, 2021, s. 14).

## 3.4 Tolking

I arbeidet vidare med studien, starta eg analysane som skildra over. I slutten av denne fasen, trekte eg ut dei sitata eg meinte ville vere mest interessante for problemstillinga. Eg hadde med meg mi forforståing inn i arbeidet med utsegna, og sette dei i samanheng med dei kategoriane eg hadde konstruert. Vidare søkte eg å finne ein samanheng i utsegnene, som ga meining til ei ny forståing. Her hadde allereie funna i studien gått nokre omdreingar i den hermeneutiske spiralen, før teorien blei sett i spel, og drøfta opp mot funna. Dette var ein spennande og lærerik prosess, der eg stadig triangulerte mellom empiri, teori og mi eiga forforståing og drøfting.

### 3.4.1 Reliabilitet og validitet

Å vite noko om kor gyldig og påliteleg funna i ein studie er, er essensielt for kva relevans prosjektet har. Når det er snakk om intervjusituasjonar, kan det stillast spørsmål ved objektiviteten til forskaren. Som nemnd over, er intervjusituasjonen ein relasjonell setting, der det ikkje er til å unngå at også den som leier intervjuet, er med på å påverke dynamikken i intervjuet, og det som blir sagt. Kvåle og Brinkmann (2015, s. 275) skriv også om korleis det kvalitative intervjuet, i alle fall gir moglegheit for den som blir spurt, å kommentere spørsmål og fortolkingar som blir opplevd som feil frå forskaren si side.

Når det kjem til reliabilitet, er det eit spørsmål om det same resultatet kunne kome fram om ein medstudent, gjer ei lik undersøking til eit anna tidspunkt. Det handlar om konsistens og truverd (Kvåle og Brinkmann, 2015, s. 276). Dette er eit spørsmål, både under sjølve intervjuet, men også i transkribering, analyse og drøfting. Det subjektive i forskarrolla vil alltid liggje der. Eg forsøkte å vere medviten på dette i heile prosessen, samstundes som eg ikkje ynskte å leggje for stor vekt på det, slik at den kreative tenkinga eg sjølv har i emnet, og den variasjonen eg meiner det vil gi, ville gjere prosessen og funna mindre fargerike og nyttige (Kvåle og Brinkmann, 2015, s. 276).

Når det kjem til validitet, handlar det om i kva grad den valde metoden er eigna for å finne svar til spørsmåla (Kvåle og Brinkmann, 2015, s. 276). Som tidlegare nemnd, ynskte eg å få moglegheit til å også kunne observere aktiviteten i prosjektet, for så å bruke funna i observasjonen, til å gi meg eit rikare bilete av det informantane mine skildra rundt temaet

*diakonalt fellesskap*. Dette let seg ikkje gjennomføre. Eg tenkte at dette ville føre til manglande verdi av studien – og også av dei intervjuet eg fekk gjort. I kyrkjehagen, er det non-verbale svært viktig.

I arbeid med transkribering og analyse, har eg oppdaga at det ikkje manglar på rike forteljingar og skildringar frå prosjektet. Det kunne vore interessant med observasjonar i ein vidare studie, men eg ser i ettertid av datainnsamlinga, at informantane gir mykje god informasjon som kan belyse problemstillinga som blir stilt. Som ein del av valideringa, er også prosessen med koding og kategorisering skildra over. Som Kvåle og Brinkmann (2015, s. 278) understrekar viktigheita av, har eg forsøkt å gjere ei stadig vurdering av validiteten gjennom heile prosessen.

### **3.5 Ethiske problemstillingar**

Å utforske andre menneske si oppleving av sin situasjon, er eit arbeid som krev etisk refleksjon frå første til siste stund. Dette er også noko Kvåle og Brinkmann (2015 s. 97 og f.f.) held fram for gjennomføringa av intervju i kvalitativ forskning.

Gjennom heile prosessen, var det viktig å vere medviten på dei forskningsetiske prinsippa for forskning, når det gjeld samfunnsvitskap og humaniora, som er utarbeida av NESH (2021).

Tidleg i prosessen starta eg å utarbeide samtykkeskjema og søknad til NSD. Dette var ein prosess som hjelpte til med å tenkje gjennom og vurdere tema som; kven det var naudsynt å intervjuet, kven som kunne bli nemnd i intervjuet, korleis konfidensialiteten kunne bli ivareteken på best mogleg måte, korleis eg kunne gjennomføre eventuelle observasjonar, korleis eg skulle handsame materialet eg samla inn, analysere det og presentere det.

Eg kjende på ei stor audmjukheit i møte med dei ulike menneska som hadde sagt ja til å delta i intervjuet. Frå dei forskningsetiske prinsipp for forskning til NESH, for samfunnsvitskap og humaniora, beit eg meg særleg merke i innleiinga for del B:

Forskere har ansvar overfor alle personer som inngår i eller deltar i forskning.

Forskere skal respektere deres menneskeverd og ta hensyn til deres

personlige, integritet, sikkerhet og velferd. Informert samtykke til å delta i forskning er et forskningsetisk hovedprinsipp. (NESH, 2021, s. 8)

Eg kjende på at det var eit stort ansvar å skulle invitere meg sjølv inn i livsverda til framande menneske, for så å gjere meg opp ei meining om det dei uttrykte, og vidare publisere noko av dette. I starten av intervjuet, gjekk vi gjennom kva eg ville med intervjuet, og kvar informant fekk utdelt samtykkeskjema med informasjon om prosjektet. Informantane ga uttrykk for at dei forstod innhaldet i dette, og også at det er mogleg å bli kjend igjen fordi det er små forhold. Det er bruka fiktive namn i studien vidare, og det er heller ikkje vurdert som relevant ut frå tematikken, å nødvendigvis bruke personar sitt oppgitte kjønn.

Ei anna utfordring, er at nokre av deltakarane som er involvert i prosjektet, kunne bli gjenkjend utan at dei ein gong var informert om at det er nokon som studerer prosjektet. Dette blei særleg teke opp med ein forelder til ein mindreårig ungdom med utviklingshemming. Forelderen ga uttrykk for at denne sette pris på at det blei funne ut meir om prosjektet – og om levekåra til familien. Forelderen fortalte at ungdommen og familien er opne med namn og bilete i andre samanhengar, og at ungdommen er informert om at forelderen skulle intervjuast. Eg kjende meg på denne måten trygg på at integriteten til ungdommen er ivareteken. På same tid, kan det vere andre som blir gjenkjend og som ikkje er informerte på same måte. I samråd med rettleiar, blei det dermed teke avgjersle om at både prosjektnamn, stadnamn, namn på kyrkjelyd og personnamn skulle gjerast anonymt. Det er samstundes eit tap at ikkje informantane som har gjeve så mykje til studien, blir kreditert. Dette er også noko Kvåle og Brinkmann (2015, s. 106) problematiserer på same tid som det blir halde fram at informantane heller ikkje får moglegheit til å seie imot det dei sjølve har uttalt, i det som blir publisert.

På grunn av tidsramma for studien, blei det ikkje prioritert å be informantane om sitatsjekk, eller å be dei utdjupe utsegnene sine. Sitata visste eg var korrekte sidan eg hadde dei i opptak. Eg kunne også risikert at det blei gjort nyanseringar av dei første utsegnene som det også kunne blitt krevjande å handtere.

I teorikapittelet over, og også vidare i avhandlinga, blir det ved nokre tilfelle gitt merkelappar til enkeltpersonar og grupper. Språket vi brukar, er med å definere menneskesyn, makt og prioriteringar. Ein kan ofte bli usikker på kva omgrep ein skal bruke i møte med menneske

som ein tenkjer kan ha ulike utfordringar. Ein skal ha ein kritisk bevisstheit rundt kva ord og merkelappar som blir bruka, og vere medviten på at det kan vere problematisk å lage kategoriar der menneske blir sett i bås. Sturla Stålsett er ein av dei som problematiserer dette med å setje namn på enkelte grupper og sårbarheita ein vurderer ligg hos ei gruppe (Stålsett, 2020). Dette skal vi vere svært medvitne på som ei utfordring.

Ord og omgrep endrar seg i takt med tid og kontekst. Ei av føresetnadane for kyrkjehagen, er at det skal vere ein arena der eit breitt mangfald av menneske kan finne fellesskap. Nokre av deltakarane har ulike former av utviklingshemming. Eg vel her å bruke omgrepet: *menneske med utviklingshemming* i gjennomgang av teori og vidare i analyse og drøfting. Ikkje fordi det i seg sjølv er viktig å setje enkelte personar i ein eigen kategori, men fordi det kan vere hensiktsmessig å bruke ei felles nemning som kan lyfte fram særlege behov og ressursar det er viktig å vere medviten om i diakonalt arbeid.



## 4 Analyse

Analysen blei gjennomført som skildra i metodekapittelet over. Det var krevjande å finne riktige merkelappar til ein del av utsegna, fordi det gjerne kunne vere rike og komplekse skildringar. Ved mange gjennomgangar av intervju, pendla eg mellom å ta for meg heilheita av det informantane uttrykte, og å merkje meg enkeltutsegn. Eg ville vere medviten på at eg ikkje skulle la enkeltutsegn bli ståande for seg sjølv, utan samanheng i heilskapen av forteljinga som dei ulike informantane presenterte.

Her vil eg først gje ein kort presentasjon av det eg oppfattar som hovudessensen i det kvar informant la fram. Dei får kvart sitt blomenamn, slik at det er lettare å skilje dei frå kvarandre. Sidan vil eg, som Anker, 2020, s. 89 skildrar det, samanstillе og samanlikne dei utsegna eg meiner har mest å seie for denne problemstillinga, opp mot tre ulike tema: *Mangfald og tilhøyrslе, å skape noko saman, hage som natur og rom.*

### 4.1 Presentasjon av dei fem informantane

Dei fem informantane seier mykje om kva dei tenkjer om kyrkja sitt arbeid med å byggje fellesskap. Eg har forsøkt å trekkje fram det eg vurderer som mest aktuelt ut frå problemstillinga. Dette er eit samandrag eg har gjort ut frå mine subjektive vurderingar. Desse oppsummeringane vil kunne vere med å gi eit meir heilskapleg inntrykk av funna i studien, og gje lesaren moglegheit til å sjå dei i samanheng med dei utdraga som seinare blir tatt fram som døme.

#### 4.1.1 Iris: Diakon

Diakonen fortel at prosjektet er initiert av medlemmer i kyrkja som ynskjer å vere med å skape eit mangfaldig fellesskap i nærmiljøet. Familien har sjølv behov for eit lågterskeltilbod, og dei har også mykje å tilby kyrkja. Informanten er oppteken av at alle skal kunne delta, at det er det å gjere noko saman, og det mangfaldige fellesskapet, som er viktig. Informanten skildrar samhandlinga mellom enkeltpersonar som rørande, og eit møte som gir kvar deltakar noko. Iris legg fram at det å drive hage er eit krevjande prosjekt med tanke på at det krev regelmessig oppfølging og organisering, og at ein hage også er utsett for faktorar

ein ikkje rår med. Det kjem fram at deltakarane i prosjektet er personar som kyrkja av ulike grunnar har kome i kontakt med og aktivt invitert med inn i aktiviteten.

#### **4.1.2 Ringblomst: Frivillig i kyrkja**

Informanten har gjennom fleire år vore engasjert i kyrkja. Vedkomande er fødd i Noreg. Ringblomst gir uttrykk for glede over at ulike menneske kan møtast og gjere noko saman, at det er fleire enn dei som har vore engasjert i kyrkjelyden over tid som deltek. Informanten ser utfordringa med å få til ein hage som leverer resultat i form av kva ein konkret kan hauste, og at dette vil krevje meir enn det som allereie er lagt ned av innsats. Informanten ser potensiale i at hagen skal kunne vere ein stad der lokalbefolkning kan møtast også utanom organisert aktivitet, og vektlegg aktivitet utandørs.

#### **4.1.3 Skogstjerne: Frivillig i kyrkja**

Denne informanten er oppteken av kva ein hage kan gi av fellesskap, og kva natur og vokster har å seie for den enkelte når det gjeld trivsel og tru. Informanten held fram at vi menneske er ein del av naturen, og skildrar noko av mangfaldet i naturen. Skogstjerne flytta til Noreg for en del år sidan, og har dei siste åra vore engasjert som frivillig i fleire av kyrkja sine aktivitetar. Informanten skildrar korleis det i eit slikt fellesskap ikkje er nøye med kven som er kven, eller kva bakgrunn ein har.

#### **4.1.4 Linnea: Lærer for elevar med tilrettelagt undervisning**

Læraren har vore innom prosjektet med elevar nokre gongar, og har elles ikkje tilhøyrse til kyrkja. Linnea er oppteken av kyrkja som samarbeidspart. Nokre på skulen er kritiske til dette, men informanten ser ein stor gevinst av eit systematisk samarbeid med kyrkja og er takknemleg for å ha samarbeidsinstansar utanom skulen. Informanten ser at elevane har utbytte av å delta i konkrete aktivitetar der sansane blir aktiverte, roller kan bli bytta om og elevane får kontakt med eit større mangfald av menneske, folk som vil dei vel og gir tryggleik. Linnea ser nytten i aktivitetar som opnar for felles aktivitetar dei kan snakke om seinare og knytte fagstoff opp mot. Læraren ser også stor nytte i det å kunne bruke små videosnuttar for å støtte kommunikasjonen og gi samanheng i dagane for elevane.

#### **4.1.5 Timian: Forelder og initiativtakar:**

Informanten er oppteken av møteplassar i nærmiljøet, der menneske som elles kan ha utfordringar med å finne ein plass å delta, aktivt kan gjere noko saman med andre. Timian er forelder til ein ungdom med psykisk utviklingshemming og er ein av initiativtakarane som Iris snakka om. Han refererer til sitt barn, som her blir kalla; *Stig* (fiktivt namn). Informanten er oppteken av kommunikasjon, og viktigheita av å gjere ting saman som kommunikasjon. Timian fortel om ein kvardag der familien er i ein situasjon der dei blir sosialt isolert. Kyrkja blir sett som ein stad som er villig til å endre seg og gi rom for nye møtestader og kommunikasjonsmetodar. Informanten skildrar episodar der dei er saman med andre som også set pris på eit fellesskap, der det blir uvesentleg kven som er der for kven. Sjølve hageprosjektet er ikkje det viktige, men det å gjere noko saman.

## **4.2 Mangfald og tilhøyrse**

Her blir det presentert funn som handlar om det å vere fleire saman, på tvers av skilnader og ulik bakgrunn.

Alle informantane seier noko om at det er fint å vere saman med ulike menneske. Det kan vere at dei opplever det sjølv, og at dei også tolkar andre sine uttrykk på den måten at det ser ut til at dei trivs saman. Først blir det lagt fram nokre funn som peikar på eit sagn i kvardagslivet. I neste delkapittel, blir det sagt noko om korleis Kyrkjehagen kan vere med å bidra til ei utvikling i riktig retning.

### **4.2.1 Isolasjon og mangel på møteplassar**

Fleire av informantane gir uttrykk for at dei opplever å mangle ein stad å høyre til, eller at dei kjenner til andre som blir isolert i den situasjonen dei er i. Timian, uttaler mellom anna at familien stiller spørsmål ved korleis dei skal kunne få eit godt liv og ein meningsfylt kvardag i dei omgjevnadane dei er i.

Timian seier noko om at dei møteplassane som allereie er der, ikkje passer så godt for dei. Dei har ein ungdom med lite verbalt språk, og det blir uttrykt fleire gongar, at dette fører til at det er krevjande å finne stader der dei kan oppleve tilhøyrse. Timian seier at dei ynskjer

seg ein møteplass som handlar *mindre om å snakke*, og meir om *å gjere saman*. Det blir uttrykt at språket er ei utfordring, og at det kan vere krevjande å passe inn i organiserte rammer på andre måtar også. Timian seier til dømes noko om det at Stig treng tid for å bli trygg. Det er ei sterk skildring av korleis dei opplever det sosiale livet til familien:

For vi er litt vanskelege å vere saman med. Det er litt vanskeleg å være oss saman med oss og andre familiar, for det at vi er litt... vi er litt... Stig er litt uhandterleg, og alt blir litt bølgete... Så det eg har vore veldig tydeleg på, er: «Familiar i vår situasjon, er sosialt isolerte» (Timian).

Her får informanten fram ei oppleving av at det er dei som er krevjande, og at ungdommen er uhandterleg. Dette er ærlege påstandar som gjer sterkt inntrykk, uttrykt frå ein forelder som har kjent på dette i mange år. Forelderen uttaler også at dei mista mykje av nettverket sitt då dei fekk eit barn med store behov for ekstra oppfølging. Timian stadfestar at dei står åleine i ein krevjande situasjon, samstundes som at dei er ikkje er åleine om å ha det slik. Det blir referert til at dei tidleg blei åtvare om desse utfordringane frå hjelpeapparatet, og at dei opplever at det i stor grad blei slik for dei, som for mange andre familiar med born med særskilde behov. Timian er ærleg og direkte om korleis dei som familie opplever det. Eg opplever ikkje at det blir gjeve uttrykk for bitterheit, men heller stadige initiativ, på ulike nivå, for å forsøke å finne ut korleis dei best mogleg kan innrette seg, og samstundes bidra positivt i lokalsamfunnet.

Iris som er diakon i kyrkja seier noko om at innvandrarar også kan kjenne på ein anna slags isolasjon, der dei i liten grad møter andre enn dei som er i introduksjonsprogrammet saman med:

Og så trur eg ofte at flyktningar, blir litt sånn overlatne til si eiga gruppe...Ikkje sant. Dei er med læraren sin, dei får undervisning med klassa si... men dei blir ikkje nødvendigvis kopla med eldre, eller, folk med utviklingshemming, eller... så dei får ikkje alltid moglegheit til å vere til stades for andre! (Iris)

Som diakon, har Iris erfaring med at det kan vere menneske som kjem frå andre land, som manglar arenaer for å møte eit større mangfald av dei andre som bur i nærområdet. Det er også eit svært viktig poeng som blir teke fram i det å få bety noko for andre. Iris opplever at

flyktningane kjem med ressursar som kunne vore nytta til glede for både dei sjølve, og andre.

Det viser seg å vere viktig å få sjanse til å søkje fellesskap, og bety noko for nokon utanfor sin eigen, vesle krins, uavhengig av kvar denne er. Timian understrekar dette tydeleg når det blir sagt: «kanskje kan vi kople oss saman, bittelitt... sånne små glimt som gjer at vi opplever at vi tilhøyrer eit fellesskap». Tilhøyrsløse er eit nøkkelomgrep som seier noko om at det ikkje berre er det å få tida til å gå, eller å gjere ein aktivitet som er viktig, men at det også handlar om kvar ein plasserer seg i forhold til dei andre som er der.

Vidare vil det bli presentert funn som seier noko om at det kan vere mogleg å få til noko som kan gi desse små glimta, som Timian søker.

#### **4.2.2 Glimt av fellesskap og tilhøyrsløse**

Med bakgrunn i, mellom anna utfordringane presentert over, er det starta eit arbeid med Kyrkjehagen. Her blir det vist til døme på korleis mangfaldet og fellesskapet blir skildra. Ringblomst som har vore engasjert i kyrkjelyden lenge, gir uttrykk for at det å få vere ulike, og saman, er verdifullt.

[...] veldig mange fasettar av menneske som jobba saman altså... Så det synes eg var veldig fint... og det var ein sånn naturleg setting. Så berre det å forberede, berre det å prøve å få det til, var i seg sjølv verdifullt. (Ringblomst)

Ringblomst er tydeleg på at dette mangfaldet er noko som er personleg fint. Seinare i intervjuet blir dette også halde fram på ein entusiastisk og tydeleg måte, der det blir skildra som «artig», at det var menneske som var ulike på så mange måtar og at det også kunne vere språkleg utbytterikt for menneske med eit anna morsmål. Det at dei møtes på tvers av ulike aldrar, blir også teke fram som noko positivt. Det blir også halde fram at Kyrkjehagen er ein god arena for dette, og i sitatet over, blir det uttrykt at det har gjeve noko å vere i ein prosess rundt planlegging for eit meir mangfaldig fellesskap. Det hadde vore interessant å gå djupare inn i dette enn kva vi gjorde denne gongen, men eg tolkar det slik at heile prosessen var ei bevisstgjerding av korleis det diakonale fellesskapet kunne utviklast.

Det var ei utfordring å stille spørsmål på ein slik måte at det ikkje var for verdilada, eller at det blei lagt føringar for kva som var eit ønska svar å få. Som nemnd over, er det problematisk å setje merkelappar på menneske. Eg stilte likevel, ved nokre tilfelle spørsmål om «kven» det var som deltok i prosjektet. Eg brukte også ord der eg spurte om det var eldre menneske som deltok, om det var menneske med innvandrarbakgrunn, eller med utviklingshemming som var med. Det blei då gitt tydeleg beskjed, heilt på sin plass, at dette ikkje var relevant for opplevinga av fellesskap. Skogstjerne, uttrykte dette så godt:

Når du spør meg kor mange innvandrarar, kor mange unge, eldre.... Det er alltid nokon der som engasjerer seg og er med. Og det er det med at i eit slikt fellesskap, er det ikkje så nøye med kven som er kven, det er ikkje det som betyr noko. Nei, absolutt ikkje.... Absolutt ikkje. Det spelar ingen rolle kva kjønn, kva alder, kva for bakgrunn... Nei, det er akkurat det som er så fint (Skogstjerne).

Her er Skogstjerne heilt i kjernen av grunnlaget for Kyrkjehagen. Diakonen sa også noko om at det ikkje er relevant for planlegging og gjennomføring for eit slikt prosjekt:

Eg problematiserer liksom ikkje at no koplar vi frivillige, altså eldre som er pensjonistar, vaksne flyktningar og ungdommar med ei funksjonshemming. Eg problematiserer ikkje det. Eg berre inviterer. Og så møter dei kvarandre, og så har eg på ein måte ein slik tillit til at det skjer noko der i det møtet. (Iris)

Dette er eit utsegn som seier mykje om kva som ligg bak eit slikt prosjekt. Diakonen som leier dette frå kyrkja si side, viser ei tillit til at dei som møter kvarandre har noko å tilføre i samhandlinga, utan at den tilsette skal gå inn og aktivt leggje til rette eller korrigere verken kven som kjem eller kva dei gjer når dei er saman. Og det er tydeleg det skjer noko i møtet mellom dei som deltek. Det er noko av det som også blir uttrykt, når Skogstjerne uttaler ein stor fascinasjon for alle dei ungdommane som kom til Kyrkjehagen som ein del av den tilrettelagte undervisninga. Skogstjerne blei så betatt av både ungdommane og den interessa dei viste, og uttrykkjer at samhandlinga var interessant og lærerik. Her er informanten tydeleg på at det å møte nokre av desse ungdomane som har ei utviklingshemming, betydde mykje.

Eit anna døme som kan seie noko om at det ikkje er dette med kven som er gjest eller vert, som er det vesentlege i eit slikt prosjekt, er når Timian fortel at dei har invitert heim ein annan frivillig. Dei skulle eigentleg vatne i kyrkjehagen, men så blei det regnvêr. Dei inviterte heim på kaffi og bollar.

Petra (fiktivt namn) snytes det var så koseleg. Og liksom sånn: Ho lurte på om vi gjorde dette for å vere snill med ho, det er jo heilt sprøtt! Nei – vi er med på dette med hagen, fordi vi håpar at nokon skal vere saman med oss! (Timian)

Det tek tid å bli van til ei litt annan tilnærming for samhandling. Her uttrykkjer Timian at det blir snudd på hovudet, kanskje fleire gongar, kven det er som opplever seg sjølv som den som treng den andre.

Samstundes som det verker som at rommet for ulikeheit og mangfald er stort, er det også tydeleg at det blir teke omsyn til den einskilde sine behov, som når det er ein klasse på besøk der det er mange som treng ekstra tilrettelegging. Linnea gir da uttrykk for at dei blir godt ivaretatt i kyrkja:

Dei er veldig opptatt av tryggleik, og av at her er det trygt. Det var eit menneske som sa at: «Her er doen, og du kan vere her. Og, visst ein må kvile seg, og at du kan sitje her visst du treng det. For det var det ein som førre gang i kyrkja blei uroleg, og han fekk gå inn i peisestua, og da var det to-tre stykk som blei med. Og da spelte dei puslespel, og bygde noko domino, eller kva det no var, og så var det kakao... og... ja, det var heilt greitt! (Linnea)

Læraren skildra at det å finne ein stad som både ga moglegheit for å vere på ein ny arena, gjere noko anna, og møte nye folk, var verdifullt – samstundes som at dei sette pris på at ein kunne trekkje seg litt unna og bli møtt på at det også kunne vere krevjande. Dette var med å gi ei oppleving av fellesskap, på den måten at dei blei møtt på dei behova dei hadde, og fekk moglegheit til å delta på eigne premissar.

Å byggje fellesskap, er ikkje noko som er fort gjort. Det er fleire av informantane som held fram dette med å kunne møtast fleire gongar, som vesentleg. Ringblomst forklarar det heilt bokstavleg, ved å seie at; «Så kan ein jo møtast igjen, og «takk for sist», og... så blir ein jo på

den måten kjent». Å ha noko til felles, noko som ein har gjort saman, er som vi ser, noko som bind saman, skapar relasjonar og fellesskap.

Det kan verke som at dette å *møtast igjen* – og gjerne på fleire arenaer, er med på å byggje tilhøyrslø og fellesskap. Det handlar om noko og nokon som gir forpliktingar, og av at det å ha gjort noko konkret saman, kan vere med på å styrkje opplevinga av fellesskap. Timian fortel om då Stig møter igjen Petra, ei stund etter at dei hadde vore på same dugnad i Kyrkjehagen.

Eg vil seie... læringsverdien av den hagen, den er så langt, marginal. Men det med fellesskapsverdien, og det å lære dei andre å kjenne, det har vore ein stor suksess! Då kan Stig kome på gudstenesta på søndag, og så: «du her?» og då kan han møte Petra på kjøkkenet: «Og du er her også! Husker du at vi var i hagen»? «Ja!» Ja, så har dei ei oppleving dei kan snakke om, og ja! Da veit Stig at nokon saknar han. Det er jo det tilhøyrslø handlar om. Han veit at han vil bli sakna, han veit at folk bryr seg, han veit at desse folka har møtt han før, dei har nokre felles referansepunkt.

Her kjem dette med tilhøyrslø også inn, og det å faktisk lære kvarande å kjenne, ikkje berre å ha sett kvarandre ein stad. Det å ha felles referansar, å kunne kjenne på at ein høyrer til i eit fellesskap er meiningsskapande og noko som har betydning for livskvaliteten. Det blir vidare utdjupa av den same informanten:

Og så tenkjer jo vi at det å finne meining, handlar jo veldig mykje om det å gjere ting saman, men også å ha moglegheit til å dele ting [...] Ikkje berre det å gjere, ha erfaringar her og no, men det å også kunne ta dei fram igjen, og dele med kvarandre dei erfaringar du har hatt (Timian).

Dette vil seie at det også handlar om kva som skjer vidare med forteljninga som startar i det første møtet. Timian legg opp til at forteljninga fortset i det ein kan relatere til ei felles oppleving som kan byggjast vidare på. Her handlar det altså om opplevinga av fellesskap i det som skjer konkret i Kyrkjehagen, men også i dette at det er lagt opp til at dei same menneska møtes på nytt, og at det i denne påminninga, blir skapt fellesskap og meining i form av at dei deler noko dei har hatt til felles, og kan kommunisere rundt dette.



Det er no referert til funn der informantane har gjeve skildringar av at Kyrkjehagen har bidrege både til mangfald og fellesskap på sin måte. I neste kapittel blir det vist til ein del av dei same tema, samstundes som det i større grad blir vist til funn som handlar om det konstruktivistiske i korleis dette har gått til.

### 4.3 Å skape i fellesskap

I intervjuet vart kyrkja si rolle eit tema som kom fram fleire gongar. Det at kyrkja er med på å skape noko nytt, og etablere eit rom utanfor kyrkja, er det fleire som held fram. Det er påpeika korleis sjølv hagen som ein del av naturen er vektlagt, men også hagen som ein eigen konstruksjon, eit rom for ny samhandling og kommunikasjon.

Timian forklarar utgangspunktet for Kyrkjehagen som at det blei stilt spørsmålet: «kva kan vi gjere saman her?». Det blir understreka at det å *gjere felles*, er ei form for kommunikasjon, og kyrkja blei møtt med ei utfordring om at det var ynskje om ein møteplass der det ikkje handla så mykje om å snakke saman, men om å gjere saman, utan ferdigheitsfokus.

Diakonen uttaler at når nokon kjem med ei slik utfordring til kyrkja, så gir det motivasjon til å ta tak i det, sjølv om det er litt nytt.

Det er tidlegare vist til at Iris hadde stor tiltru til at deltakarane i prosjektet møter kvarandre på ein god måte – på tvers av ulikskapar. Det kjem også fram at den same informanten har ein rausheit og ein fleksibilitet når det gjeld dei fysiske elementa i ein hage. Det blei oppfordra til at folk kunne ta med det dei eventuelt måtte ha av vekstar og at dei ønska dette til hagen. Iris uttrykkjer då at: «Så må eg berre romme det som kjem». Dette blir sagt på ein optimistisk måte, og med ei tru på at dette kan bli spennande og flott – sjølv om det også vil krevje noko.

I dette prosjektet – som enda er veldig i startfasen, er det tatt eit val om kvar ein skal starte. Kyrkja fekk ei utfordring frå nokre som hadde eit behov, og så starta dei å skape noko – saman. Dette blir halde fram som ein suksessfaktor av Timian:

Det eg trur det ikkje er lurt å gjere, det er å sette seg ned å konstruere ein veldig lur plan, og så gå ut og finne nokre utviklingshemma etterpå som kan passe inn i den planen dei har lagt. Det har eg ikkje noko tru på. (Timian)

Det var ikkje slik her, at starten var å finne nokre sårbare som dei skulle hjelpe ein veg, men det blei teke utgangspunkt i det denne familien sjølv uttrykte kunne vere aktuelt. Den same informanten seier det slik:

Eg har veldig tru på å begynne med folk, folk er spesielle. Bli kjent med dei, og så finne ut av det saman med dei som det gjeld. Så kan det godt hende, så kjem det jo løysingar. Og slik som Stig, han går jo føre! Veldig ofte, likeins veldig mange i hans situasjon. Stig er ikkje eit geni, han er ikkje ein spesiell fantastisk oppfinnar. Men han er veldig god på å vere tydeleg på sine behov. Og gidd vi å høyre på dei, så kjem løysingane litt av seg sjølv. Og det er det konstruktivistiske i dette. Stig er ikkje nokon vi gjer utviklingsarbeid på, eller for, vi gjer utviklingsarbeid med, saman med [...] Det er ein dialog der. (Timian)

Timian som er far til Stig og har jobba mykje for å finne gode løysingar som fungerer hos dei. Han er tydeleg på at Stig må vere med å utvikle desse løysingane for at dei skal kunne fungere, og han utfordrar med dette andre aktørar, som kyrkja, om å gjere det same. Ein kan ikkje lage eit tilbod for ei særskild målgruppe, utan å ha dei det gjeld, med frå starten av prosjektet.

Så ser vi at det har blitt oppretta eit praktisk prosjekt der det å gjere noko saman, er i fokus. Det blir vidare vist til nokre funn som seier noko om korleis dette blir opplevd. Her understrekar Timian korleis det dei skaper, er med å opne opp for kommunikasjon på ulike måtar:

Og Stig har ikkje lært å dyrke gulrøter [...] Men han har fått vore deltakande i eit fellesskap der han har hatt små og store roller, og der vi har kunne møttes og seie: «Hei!» «Hei, Petra! Du drikke kaffi?» - «Du hatt?» - «Du hatt?» «Ja, eg har også hatt i dag». [...] og da kjenner både Petra og Stig på at no gjer vi noko, no gjer vi noko saman her, og vi har masse til felles. Både hatten og gulrøtene og... ja... ingen av dei er så opptekne av gulrøtene eigentleg.... Til sjuande og sist.... Men dei synes det er veldig godt å ha ein ting å gjere saman! (Timian)

Slik Timian forklarar det, kunne fellesskapet gjerne handla om noko anna enn hage, så lenge det handlar om det å gjere felles, og vi ser at akkurat det med gulrøtene, eigentleg er lite

interessant. Det er det at dei gjer noko, og kan møtast ein stad som legg opp til aktiv deltaking utan krav til enkeltprestasjonar eller verbal kommunikasjon, som er viktig.

Fellesskapet, og kommunikasjonsforma i det å gjere noko saman, er også skildra av Skogstjerne:

[...] det varmar om hjartet når ein ser at, uansett kva for menneske det er, så trivs dei i kvarandre sitt selskap, og dyrking i ein hage, er ein stad der ein kan finne på, veldig, veldig mykje til felles, å gjere noko felles. (Skogstjerne)

Her refererer Skogstjerne til at det alltid er mange nivå med oppgåver som er meir eller mindre strukturerte, som det kan jobbast med i ein hage. Skogstjerne som har vore engasjert i kyrkja i mange år, poengterer at det å ha noko felles å gjere, er fint. Det er også interessant at det blir uttrykt; «ein kan finne på...», i staden for til dømes: det å få oppgåver. I det at kvar enkelt har rom for å finne noko å gjere, er det også uttalt at her er det kvar enkelt, og fellesskapet, som skaper vidare i hagen. Nokre oppgåver er nok tydeleg lagt opp på førehand, men det er også slik at ein sjølv kan finne sine gjeremål, og dermed ta tydeleg del i skapinga.

Ringblomst, trekkjer også fram nokre tankar om utviklinga av hagen og fellesskapet; «Så eg ser det menneskelege fellesskapet som veldig viktig, og at det kan utviklast, og kan trekkje folk inn i dette på ein naturleg måte». Ringblomst har her ei tydeleg meining om at det er det å vere saman, og å gjere noko saman, som har betydning, og at fellesskapet blir utvikla vidare. Når det blir brukt omgrepet «på ein naturleg måte», kan ein sjå for seg at det skjer ved ei enkel form for organisering, med utgangspunkt i det fellesskapet som er der.

Skogstjerne, ser også for seg at hagedrift kan initiere til ei induktiv vidareutvikling av fellesskapet, og at det særleg er menneske med bakgrunn frå andre land, som kan vere med å initiere den konkrete hagevoksteren:

Og eg trur, at det blir fleire som kjem, også av innvandrarar som vil bidra med eksotiske planter og grønsaker. Akkurat som det er i byen. Det er veldig interessant å sjå, kva dei andre pleier å dyrke, og kva dei et, og korleis dei et dette. (Skogstjerne)

Skogstjerne har tru på at det vil bli fleire som vil vere med å skape og setje sitt preg på det som skjer. Det kjem også tydeleg fram at her kan ein lære av kvarandre.

Litt av dette, blir også uttrykt av Timian, når han siterer presten i kyrkja. Her handlar det ikkje nødvendigvis om plantar og hage, men om at fellesskapet og mangfaldet i kyrkjelyden endrar seg i møte med ein ungdom med utviklingshemming:

Og så seier jo presten noko viktig: «Ja, men vi må jo seie det at kyrkja har jo endra seg litt etter at Stig kom!» Og eg tenkjer jo at det er det sosialkonstruktivistiske her, det er ein dialektikk som skjer her. På den eine sida så er det jo dette at ein kan førestille seg det at kyrkjelyden skal vere snille å ta vare på stakkars Stig. Men Stig er det ikkje så veldig synd på. Han er ikkje så veldig stakkarsleg. Men alle stadar der han kjem inn, påverkar han jo! Og det gjer noko med dei rundt. (Timian)

Her er det mange poeng som kjem fram i same sitat. Det blir mellom anna understreka kor viktig det er å vere medviten kva menneskesyn ein står for i ein kontekst der mangfaldige fellesskap skal kunne vekse. Når Timian siterer presten, legg han til grunn at kyrkja har vore open for ei endring, og at det er noko som har vore teke godt imot. Kyrkja er open på at det er ulike moglegheiter for korleis ein er kyrkje, og at dei som er der skal vere med å påverke fellesskapet.

Det er også eit viktig poeng Timian sjølv kjem med, når det blir uttalt at Stig ikkje er nokon det er synd på. Det blir fleire stader i intervjuet, understreka at Stig ikkje er sjuk, eller at han har noko som treng læking. Det blir halde fram kor viktig det er å ta både Stig – og andre som kan vere i liknande situasjon på alvor som reelle utviklarar av eit lokalmiljø med rom for fleire måtar å kommunisere på – og gjere felles.

Det er tidlegare tematisert poenget med at initiativ til målretta tiltak bør kome frå menneska som ynskjer å få noko til, og som har eit behov. Samstundes blir det også sagt frå Timian: «Utruleg energigivande at nokon seier: - Har de lyst å vere med på noko vi har orden på?» Det er forskjell på det å vere med å leggje grunnlaget for noko, og å ha eigarskap til eit prosjekt, og det å måtte ta ansvar for alt det praktiske rundt organiseringa. Det er verd å tenkje over eit slikt utsegn frå ein forelder som brukar store krefter på å få kvardagen til å gå rundt.

Det er teke fram funn som seier noko om behovet for ein annan type fellesskap, og også om korleis det kan opplevast å vere ein del av dette. I neste kapittel blir det presentert poengteringar av at det er ein hage som er arena for fellesskapet.

## 4.4 Hage som natur og rom

I prosjektet som er skildra, er det hage som er tema. Og det kan drøftast kor hensiktsmessig akkurat ein hage er som arena og rom for eit fellesskapsprosjekt. Iris uttalte til dømes at det kan vere krevjande å fylgje opp eit slikt prosjekt. Iris skildrar sin første reaksjon etter å ha kome tilbake frå nokre vekers sommarferie: «Ååå! Hagen ser jo ikkje ut! Eg kan ikkje få, dei liksom... perifere i kyrkjelyden då... eg kan jo ikkje spørje dei om å komme (latter), litt sånn følte eg på det». Dette gir ei god skildring av nokre av dei fysiske utfordringane med å drive hage, og at dette igjen, kan vere med på å føre til at det ikkje alltid er like hensiktsmessig alle stader.

Ringblomst har også nokre erfaringar med at det kan vere både fordeler og ulemper med å knyte eit fellesskapsprosjekt til hagedrift: «Eg synes det er ein god, naturleg måte å være saman på! Men altså, ein må ikkje tru at det kan bli liksom bognar av... hage og sjølvforsynt og sånn...» Ringblomst uttrykkjer at modellen er god når dei først er saman, men at det samstundes er krevjande å få til synlege produkt, og at ein ikkje kan ha for høge forventningar til resultat i form av blomar og grønnsaker. Ringblomst har også nokre forslag til korleis bærbusker, og meir lettstelte vokster kunne vore aktuelle å satse på. Det blir dermed sett moglegheiter til å kunne tilpasse sjølve hagedrifta til den kapasiteten og interessa menneska som driv den, har.

Det er referert til utsegn om at hagedrift kan verje krevjande å halde i gong som eit fellesprosjekt, og det er også tatt fram frå Timian si side, at det ikkje nødvendigvis er eit poeng at prosjektet skal handle om hage. På den andre sida, er det også tydeleg at nettopp dette med hage, er noko som kan opplevast svært relevant for å byggje fellesskap.

Skogstjerne er særleg medviten om dette: «Og eg ser det at når folk kjem til hagen, så nærmar ein seg naturen på ein litt spesiell måte. Litt rolegare, litt observant, vil gjerne lukte, smake på ting...». (Skogstjerne)

Ringblomst gir også uttrykk for ei oppleving av hage som ein god stad for det å vere saman, i det at det er noko konkret som utviklar seg ved at ein er med og opplever det som gror og veks. Her var det snakk om menneske som var med i prosjektet som ein del av språkpraksisen sin, og som dermed hadde konkrete oppgåver og vokstrar å prate om. Skogstjerne nemnde også korleis ungdommane med tilrettelagt undervisning, nærma seg hagen:

Og eg såg på mange av dei, at dei er veldig interessert! Veldig mange av dei er veldig interessert i å grave i jorda, å plante, og legge frø i, og snakkar om det at vi må vatne, passe på og sånn. (Skogstjerne)

Skogstjerne uttrykkjer i løpet av intervjuet sjølv stor glede av hagearbeid, og at det er noko som er med å gi livskvalitet og ein viktig dimensjon i livet. I sitatet over, blir det uttrykt entusiasme over at også ungdomane kunne få oppleve litt av dette. Det blir skildra at dei deltek aktivt i arbeidet, og får eit medvite forhold til syklusen i hagen.

Linnea har også observert at fleire av ungdomane hadde glede av hagearbeidet. Læraren fortel vidare at dei tilsette blei overraska over kven som engasjerte seg i hagen:

Og der var vi da i haust da vi var med og plukka det siste av potet og grønsaker. Og det var kjempepopulært. Elevane ville jo ikkje reise, dei ville vere ute i hagen! Elevar som vi egentleg ikkje trudde ville vere ute da. Det var ikkje lange stunda, men det er i alle fall ei byrjing. (Linnea)

Og vidare fortel læraren:

Sånn som da vi tok opp dei potetene og heldt på, så var det liksom ei heilt anna gruppe enn det eg hadde tenkt da som gjekk inn. For da var det moglegheit til å få seg kakao og... Vi trudde kanskje at det var omvendt det ville bli da... og da dei hørte at det var kakao inne, og så, nei da ville dei ikkje inn på det, da ville dei få opp potetene som dei fant i jorda, rydde litt og... (Linnea)

Her blir det i begge sitata presisert at hagen var med på å setje nokre roller på hovudet, og å skape engasjement. Det danna seg også nye og overraskande konstellasjonar av kven som søkte saman i denne aktiviteten, og læraren gir uttrykk for at det var artig å sjå. Det blir også

skildra at ein del av ungdomane som er særleg sensitive når det kjem til det taktile, plutsleg fekk erfare at det ikkje var så farleg å få jord på hendene. Elevane fekk dermed ein sjanse til å snu litt på dei etablerte rollene og gjere seg nye erfaringar. Som Linnea uttrykkjer, er det snakk om korte stunder, men noko som kan vere ein konstruktiv del i det heile.

Skogstjerne seier også noko om sine erfaringar når det gjeld å møte ulike menneske i hagearbeid. Dette har ho erfaring frå både i Kyrkjehagen, men også i anna arbeid der ulike menneske møtes for å dyrke saman:

Ja, hage er veldig sånn, passe aktivitet for menneske som har behov for å sjå effekten! *Noko konkret?* (mitt spørsmål) Ja, noko konkret! Når ein set ned frø, og vatnar, og etter ei veke så ser ein at det kjem ei plante... ei lita spire... da... hjelper det å forstå litt av livet, ein litt sånn konkret aktivitet for mange. (Skogstjerne)

Slik Skogstjerna opplever det for sin eigen del, og også i samspel med andre, er syklusen i hagen, med på å vise litt av korleis livet heng saman, og at vi som menneske kan ha moglegheit til å påverke dette. Eg tolkar det slik at det kan liggje mykje i denne utsegna. Det blir poengtert at den same personen som sår eit frø ei veke, kan kome tilbake neste veke og erfare at det har skjedd noko. Dette kan igjen synast fram for fleire, og gi ei stadfesting av at personen er med på å skape, og har ei aktiv rolle i skapinga.

Skogstjerne refererer i løpet av intervjuet fleire gongar til ei eksistensiell forståing av hagearbeidet. Linnea har som lærar ei anna tilnærming, der det blir teke fram kva pedagogiske element arbeid i ein hage, kan ha. Dømer som blir trekt fram på dette, er gjentakinga på stad og tid, forståinga av årstidene, verknaden sola og varmen har, røter, og kvifor det gror. Det blir også halde fram at både enkeltelevar, og klassen som gruppe, har glede av å kunne ta fram erfaringar frå turane til hagen når dei er tilbake på skulen og lærer om årstider og naturens syklus. Dei brukar også hagearbeidet som konkrete erfaringar dei kan prate om, for å kunne ta større del i kvarandre sine liv, og for å gjere det lettare å føre ein samtale i etterkant.

Det er ulike perspektiv på dette, og det er artig å sjå at menneske som tilsynelatande deltek på same måte i hagen, kan ha så ulike måtar å sjå det på. Skogstjerne tek den enda vidare,

og presiserer at vi som menneske er ein del av naturen. I sitatet under, kjem det også fram skildringar av korleis naturen kan ha ein psykologisk funksjon:

At naturen er veldig.... som vi er ein del av, er veldig overraskande nokre gongar....  
Men at ein må... at ein må bøye seg ned for å sjå det pene nokre gongar... Og det er berolegande også! Veldig berolegande å ha med plantar og vokster å gjere.  
(Skogstjerne)

Skogstjerne held fram at det blir opplevd som roande å vere i hagen. Samstundes blir det understreka handlingar som å bøye seg ned, og å vere merksam på det pene. Det er så fint skildra, og det opnar for å tolke vidare i retning av at ein nokre gongar bør bøye seg ned; kome på nivå med det ein observerer for å verkeleg finne det vakre.

Skogstjerne koplur også livet i hagen og naturen opp mot tru:

For meg... for meg er naturen veldig religiøs. Eg er ikkje sånn... kva kan ein seie... kyrkjegjengar. Eg går ikkje til... eg har ikkje behov for å gå til gudsteneste kvar veke, eh... og... sitje og lese i Bibelen, eller be bestandig. Men eg opplever ting, kanskje ikkje så veldig regelmessig, men av og til, og dei fleste er knytt til naturen, at ein blir religiøs når ein går ut og ser naturen... det er små og store ting.... Når ein ser... Det med landskap, det med trær, plantar, steinar, berg... og dei små, små, grønne plantane som kanskje ikkje mange ser – ikkje sant? – Som er så pene? Barna mine pleier å seie at eg likar best dei plantane som ikkje er sett av andre. Dei små, som ikkje har overdådige blomar, men noko spesielt... i bladverket, eller har nokon.... Og da tenkjer eg, da tenkjer eg mykje på Gud, at det er... og takkar Gud for at vi har fått eit så stort mangfald i naturen... Og så fint at vi kan omgås med den... (Skogstjerne)

Her får vi del av ei djup og ærleg skildring av korleis Skogstjerne opplever nett denne samhörigheita med naturen og moglegheitene vi menneske har til å få vere ein del av den. Mangfaldet i naturen blir framheva som noko heilt særeige, og Skogstjerna rettar takka si mot ein Gud som har ein plan med korleis skaparverket heng saman.



## 4.5 Oppsummering

Informantane kjem med mange relevante vurderingar av eigen situasjon, av andre sin situasjon, av hage, lokalmiljø, kyrkje og tru. Det blir skildra korleis både menneske med utviklingshemming og deira familiar, flyktningar og einslege manglar møteplassar utan store krav. Vidare er det presentert funn som kan tyde på at det skjer noko i Kyrkjehagen som kan vere relevant for korleis diakonale fellesskap kan byggjast, og kva gevinst dei kan ha.

Mangfald er eit ord som går igjen mange gongar, og det blir knytt opp til ei skildring av menneske som møtes, på tvers av ulike behov, ressursar og bakgrunnar. Det er fleire som uttrykkjer at hagearbeid kan vere både ein fordel og ei utfordring, og det er verd å merkjer seg at ordet mangfald også blir bruka i skildringa av samspelet i naturen.

Det har vore svært interessant å få delta i desse samtalanene, og det kunne blitt teke med enda fleire moment enn kva eg har referert her. I neste kapittel blir enkeltsitat og hovudbodskapen til informantane teken opp og drøfta saman med teorien.

## 5 Drøfting

Problemstillinga handlar om diakonalt fellesskap. Med bakgrunn i teori som er vald ut og dei funna som er presentert, blir det drøfta på kva måte kyrkjehagen er uttrykk for diakonalt fellesskap. Det blir også drøfta korleis sjølv hagearbeidet kan ha noko å seie når det gjeld diakonalt fellesskap generelt og konvivialitet spesielt.

I teoridel og analyse, er det mange tema som er aktualisert, og mange av dei overlappar. Drøftingsdelen er lagt opp med ulike overskrifter som alle tek utgangspunkt i diakonalt fellesskap. Frå ulike vinklingar, blir funna i analysedelen drøfta saman med teorien som er presentert. Nokre stader blir det i parentes referert til kapittel over.

### 5.1 Å gjere saman som kommunikasjonsutvikling

Det er skildra eit mangfald av menneske som er saman i felles aktivitet, og som også har gjort noko saman i Kyrkjehagen. I tillegg til aktiviteten, er det vist til nokre møtepunkt i ettertid, som har gjeve rom for å reflektere rundt det som har skjedd, og til å minne kvarandre om at ein har noko saman.

I førre kapittel er det skildra viktige møte mellom menneske. Det er også gitt nokre bilete på menneske i møte med naturen, der nokre av informantane skildrar dette som særskilde møtepunkt som initierer til både læring, engasjement og tru.

Fleire av informantane nemner kor viktig det er å ha noko felles å gjere. Medan Skogstjerne held fram at sjølv hagearbeidet er sentralt i denne samhandlinga, fortel Timian at det er litt det same kva for aktivitet det blir lagt opp til, så lenge det er snakk om å gjere noko felles. Timian presiserer at det å gjere felles, er kommunikasjon, utan at det treng å vere verbal kommunikasjon. Dette blei også presentert i teoridelen (2.3.4). Det er skildra korleis mellommenneskeleg kommunikasjon i Kyrkjehagen blir utvikla ved *å gjere saman*, og ved å vere sanseleg til stades med kroppen, bruke enkle ord, markere at ein *er* saman, *gjer* saman og *har gjort* saman slik alle informantane på ulike måtar skildrar fellesskapet.

Dersom fellesskap som Kyrkjehagen får fortsetje å utviklast, vil det etter kvart bli fleire som lærer seg nye strategiar for kommunikasjon, når fellesskapet er bygd rundt det å gjere

saman, framfor å fokusere på aktivitetar som krev verbalt språk. Her vil det vere menneske som i hovudsak baserer seg på non-verbale kommunikasjonsformer som gjerne vil gå føre, og vise korleis dette kan gjerast. Kan Kyrkjehagen bli ein stad der denne kunnskapen får vekse, slik det blei skildra at Alhassan (et.al., 2022, s. 325) uttrykkjer behov for?

I teoridelen blir det vist til kunnskapen om korleis respons på tydelege uttrykk, kan vere med på å styrke påverknadsmoglegheitene og dermed livskvaliteten til menneske med utviklingshemming (Alhassan et.al, 2022, s. 324). Dette handlar om så mykje meir enn å vere saman om ein aktivitet. Sjølvbestemming og livskvalitet legg livsgrunnlaget for menneske, og det er svært interessant at det blir arbeidd fram nye modellar for i større grad å kunne styrkje nettopp dette. Her har den diakonale kyrkja nok eit interessant arbeidsområde, og vi er straks tilbake til der Korslien (2009, s. 91) utfordrar kyrkja på korleis ein legg til rette for deltaking og medansvar.

Skogstjerne og Linnea legg fram at hagearbeid er noko konkret, og at det er noko som passar godt til menneske med utviklingshemming (4.4). I artikkelen til Alhassan med fleire (2022), blir det understreka effekten av kjapp respons på tydelege uttrykk for å styrkje påverknadskrafta til den enkelte, og utvikle kommunikasjonsformer (2.4.4). Eg forstår det slik at det her kan vere snakk om berre sekund, frå eit uttrykk blir gjeve, og til mottakar responderer. I ein hage er det gjerne snakk om prosessar som kan ta tid. Det vil gå månader før ein kan dra opp potetene ein sette i mai, og sjølv dei kjappaste vekstane, brukar nokre dagar før dei startar å spire. Kan ein likevel bruke noko av den same metodikken i samspel med naturen? Kan det vere element i hagefellesskapet som kan vere med på å både styrkje kjensla av påverknadskraft, og gje ei oppleving av at ein klarar å kommunisere?

Ut frå skildringane av mangfaldet og rausheita i Kyrkjehagen, blir det halde fram ein toleranse for ulike måtar å kommunisere på. Sjølv hagearbeidet kan ein tenkje er eigna på nokre måtar, og mindre eigna på andre måtar, til å fremje opplevinga av påverknadskraft. Men kan *relasjonane* i hagen leggje opp til at uttrykk, som for nokre, kan verke i overkant direkte eller kommanderande, blir tolerert og respondert på? Ut frå skildringane av mangfaldsentusiasmen til informantane, kan det vere grunnlag for å seie at Kyrkjehagen kan vere ein av desse stadene som blir etterlyst av Alhassan (et.al, 2022, s. 328). Ein stad der majoritetsbefolkninga kan ta til seg kunnskap om nye måtar å kommunisere på, og også vere

med på å gi ei styrka kjensle av påverknadskraft, auka livskvalitet og oppleving av sjølvbestemming. I dette er det ei tydeleg kopling opp mot empowerment – det å få moglegheit til å ta tilbake ein del av styringa i eige liv (Dietrich, 2014, s. 21), og også det å bli lytta til. Som McCormack (2020, s. 110) understrekjer, har det å kunne uttrykkje si historie mykje å seie for menneske med utviklingshemming si oppleving av sjølvbestemming. Addy understrekjer også kor viktig det i eit konvivialt perspektiv er å skape rom der ein trygt kan dele si historie og der påverknadskraft og mynde blir styrka (Addy, 2022, s. 180).

## 5.2 Nye rom og tilhøyrse

Kyrkjehagen har blitt konstruert av dei mellommenneskelege relasjonane som var til stades i akkurat dette lokalmiljøet, i akkurat denne tida. Hagen blei ikkje til på grunn av at det er naudsynt å dyrke sine eigne grønnsaker, men fordi det var nokon som såg glede i det å få noko til saman.

Som ei diakonal kyrkje, har ein eit ansvar i å sjå samanhengen mellom kva som skjer eller ikkje skjer i eit lokalsamfunn og kyrkja si rolle i dette. Det er mange måtar å gjere dette på, og Timian, la fram eit noko karikert forslag som ikkje var å anbefale (4.3). Der blei det foreslått at ein kunne finne ei gruppe menneske med utviklingshemming, som ein kunne bruke for å teste ut ein plan ein hadde tenkt ut på forhånd. Liknande framgangsmåte er nok ikkje så vanskeleg å kjenne att ulike stader, fordi ein så gjerne vil *inkludere*. Som nemnd i innleiinga, er det akkurat dette Kari Korslien (2009, s. 91) problematiserer når ho etterlyser deltaking og medansvar i diakonalt arbeid.

I teoridelen blir det vist til at menneske med utviklingshemming kan oppleve å bli ekskludert frå både aktivitetar og meningsfylte relasjonar (Nind og Strnadová, 2020, s. 13), (Høyland, et.al., 2021), (Meld. St. 8, 2022-2023, s. 159). Timian held fram dei same utfordringane, og slik det blir framstilt, er det å høyre til i eit fellesskap, å ha felles minne å ta fram, og å bli sakna om ein ikkje er til stades, noko som heng saman med *tilhøyrse*. Timian har ein ungdom som er i ferd med å bli vaksen, og er uroa over korleis vaksenlivet til ungdommen skal bli, kva som kan gi tilhøyrse når skulegongen blir avslutta og foreldra etter kvart blir eldre. Nind og Strnadová (2020) er tydeleg på at dette for mange i liknande situasjon, kan vere ein krevjande overgang.

Nind og Strnadová føretrekk å bruke *tilhøyrse* som omgrep framfor *inkludering*, fordi gjensidigheita her blir framheva, utan fokus på kven som er innanfor og kven som er utanfor (Nind og Strnadová. 2020, s. 196). Dette korresponderer med det som tidlegare er problematisert når det gjeld kyrkja sitt omgrep; *inkluderande fellesskap* (Dietrich, 2011, s. 51). I tilfellet med Kyrkjehagen, er det ikkje vektlagt kven som er sårbare eller marginaliserte. Nokre av initiativtakarane til prosjektet, er familien som har ein ungdom med utviklingshemming. Forelderen til denne ungdommen, uttaler sjølv, at dei er i ein situasjon der dei kan ha eit krevjande liv, og at dei blir sosialt isolert. I denne samanhengen er det akkurat denne familien som har ressursar til å dra i gong eit fellesskapsprosjekt i nærmiljøet og for lokalsamfunnet, for å skape rom som kan stimulere til aktiv deltaking og tilhøyrse (Nind og Strnadová,2020).

Dette blir igjen blir teke fram som grunnleggjande innanfor konvivialitets-omgrepet, der det blir peika på *gjensidigheita* og ei induktiv, deltakingande «*bottom-up*» - *tilnærming* (Addy, 2022, s. 180). Timian held sjølv fram at fellesskapet dei saman har skapt rundt kyrkja kan vere med på å initiere til ei oppleving av tilhøyrse, og at det er det dei opplever glimt av i dette fellesskapet. Kyrkjehagen er med på å skape rom for tilhøyrse med bakgrunn i initiativ frå deltakarane sjølv.

I kyrkjehagen er det gjort praktisk arbeid av fleire menneske, og det har vore aktivitet rundt noko konkret som ein kan sanse og fylgje utviklinga til. Gjennom graving, såing, lusing, vatning og hausting, er det samstundes skapt relasjonar mellom menneske, og det utviklar seg nye planar og tankar om korleis ein kan fortsetje arbeidet. Relasjonane som startar i hagen, har vi sett, kan fortsetje andre stader, og det er skapt nye band som gir tilhøyrse.

Kyrkjehagen kan på ein måte skildrast som ein ny heterotopi, slik Wyller skildra fellesskapet i Gøteborg (Wyller, 2017, s. 26,27). Det er konstruert eit rom utanfor dei vanlege formane for møteplassar, og menneska er kroppsleg til stades i det same forumet. Det er eit ope rom, der alle er invitert. Sjølv om mangfaldet av menneske som kjem til Kyrkjehagen er stort, er det så langt ikkje vist til at «tilfeldige» innbyggjarar dukkar opp i desse dugnadane. Det er allereie mange grunnar til å sjå Kyrkjehagen som eit rom for diakonalt fellesskap der band og relasjonar blir til, og der ein erfarer den delte menneskelegheita som Wyller (2017, s. 26,27) skildrar. Det kan samstundes framstillast som eit rom som både fysisk og sosialt er trekt

tilbake frå det daglegdagse livet i nærområdet. Som Wyller påpeiker, er det uavhengig av syn på heterotopiar, mykje godt dei som allereie er til stades i desse andre romma, kan få ut av tida der, i form av motstandsdyktigheit og etablering av ny verdigheit (Wyller, 2017, s. 29). I denne samanhengen vil vi også kunne føye til; kommunikasjonsverktøy. Det er også viktig å presisere at det ikkje er mange timar kvar enkelt brukar i dette rommet i løpet av ein måned.

Så kan ein stille spørsmål ved korleis det vil vere for ukjende menneske å vere med inn i fellesskapet. Vil ein tilfeldig nabo kunne trivast der, og kva grep kan ein ta for å opne dette rommet, og liknande rom, mest mogleg utan at det blir utrygt for den som er der frå før, og *den andre*?

## **5.3 Kunsten å leve saman**

I dette kapittelet blir det teke med ulike perspektiv som tek opp kjerneelementet som handlar om konvivialitet; kunsten og erfaringa av å leve saman i mangfaldige fellesskap (LVF, 2016).

### **5.3.1 Kulturutvikling og livskunst**

I teoridelen blei det ut frå eit psykologisk perspektiv presentert at ein hage kan ha mange funksjonar i menneske sitt liv, og at ein hage alltid vil krevje noko, som vil kunne gje eit positivt engasjement (Nordhelle, 2015). Er det litt av dette ein kan få inntrykk av, når læraren gjenfortel korleis ungdommane med ulike formar for utviklingshemming, fekk vekt eit engasjement, og fekk moglegheit til å vise ei anna side ved seg sjølv enn det skulen hadde forventa? Læraren skildrar at det var overraskande at nett desse elevane valde å vere ute i staden for å gå inn til kakao.

Kakaokoppen treng ikkje å vere eit dårlegare alternativ enn å grave etter potet. Likevel seier det noko om at kyrkjehagen er med på å stimulere til nytt engasjement, nye interesser, nye måtar å lære på, og nye konstellasjonar av menneske som finn saman.

Og det er i dette at noko skjer, og at noko nytt blir til. Timian har sagt noko om det å starte med relasjonane, med menneska, om ein skal utvikle noko. Det er relevant å stille spørsmål

ved om ein slik situasjon som læraren skildrar, kan vere med på å konstruere nokre nye idéar til arbeidsmetodar og måtar å vere saman på, også utanfor Kyrkjehagen.

Når det blir slik at erfaringane i Kyrkjehagen kan vere med å endre strategiar og kommunikasjonsformer i kyrkje og lokalsamfunn vidare, er rommet med på å setje saman *erfaringane* av denne *kunsten*, som igjen kan konstruere nye rom og nye overordna tankar om korleis ein kan vidareutvikle kunsten å leve saman, både i skule, kyrkje, lokalsamfunn og mellom enkeltmenneske.

Her blir enkelthendingar tekne ut av ein samanheng, og små minutt blir skildra som store hendingar. På den eine sida kan ein argumentere med at dette er små tilfeldigheit, som kunne skjedd mange stader, og at det blir feil å blåse dei opp som mile-pælar når det gjeld diakonalt fellesskap. Desse innspela er verd å ta med i vurderinga. Kanskje er det heilt andre, små hendingar som er vel så viktige, som ikkje blir drege fram, og kanskje kan ein seie at perspektivet her er så nedpå jorda (bokstavleg tala), at det ikkje er verd å leggje så mykje i det på eit teoretisk plan.

Det er samstundes svært interessant å setje dette i spel med dei spontane utsegna diakonien kom med, når det var snakk om samspelet i hagen, og då eg som intervjuar, spurte meir om *kven* som var aktive i hagen. Iris var då tydeleg på at det ikkje hadde noko å seie kva bakgrunn dei ulike hadde med seg inn i fellesskapet, og at det var ein grunnleggjande tillit der til at det skjer noko i møte mellom dei menneska som er saman (4.2.2). Det blir lagt eit ansvar over på menneska som deltek for at dette skal fungere, og for at interaksjonane har med seg både engasjement, ivaretaking, støtte og utvikling. Det kan høyrast svulstig ut, men fungerer dette, er vi i kjerna av livskunst, slik det kan vurderast opp mot eit konvivialt perspektiv.

Hadde ikkje denne respekten for menneske, og for den styrkja kvar enkelt har med seg inn i eit fellesskap, vore der, kunne dette vore på ein heilt annan måte. Her blir det frå diakonen som leier prosjektet, uttrykt tydelege konvivialt strategiar, som igjen kjem til uttrykk – nettopp i dette at nokre overraskande tek ansvar for å få opp potetene, og søker saman om denne oppgåva, eller at nokon dukkar opp med ein plante som ingen andre hadde sakna. Det handlar om det same når Skogstjerne også fortel om at det ikkje har noko å seie *kven* som er *kven*, for det er alltid er nokon som engasjerer seg. Ringblomst held også fram at

hagen kan vere ein arena som «*på ein naturleg måte*», kan vere med på å byggje fellesskap. Kva som blir lagt i akkurat denne utsegna, hadde vore interessant å utforske vidare. Det kan tolkast som at begge desse informantane har noko av den same innstillinga som diakonen, til korleis fellesskapet og relasjonane får vekse og utvikle seg utan for tydeleg styring frå ein leiari. Dette kan tyde på at det har vokse fram ein kultur som verdset mangfald og gjensidigheit på ein konvivial måte, og at eit konkret prosjekt - Kyrkjehagen er ein arena som passar godt til eit slikt arbeid.

Ei konvivial tilnærming med utgangspunkt i den franske tradisjonen, skildrar, slik vi har sett, prosessar der menneske lever side om side og har det kjekt saman, på trass av skilnader (Addy, 2019, s. 162). Det treng ikkje vere så avansert, men på eit kvardagsleg nivå, og kan gjerne handle om erfaringar frå dagleglivet, slik vi tidlegare har sett døme på i utsegnene over. Frå Kyrkjehagen er det referert til interaksjonar mellom menneske som handlar om det heilt enkle og konkrete, som å fryde seg over fellesskapet i å bære hatt, å drikke kaffi saman, eller å kunne glede seg over jord mellom fingrane, det å finne ei potet, å kunne prate om felles opplevingar ein har hatt, finne fram att minner og bygge tilhøyrsløse på denne måten. Iris fortel korleis ulike menneske i Kyrkjehagen, kan få moglegheit til å bety noko for andre. På mange måtar kan det argumenterast for at det her er ein kunst som blir utført av mange ulike menneske, og at det allereie er mykje som skjer av konvivial prosessar i dette fellesskapet.

Det er ingen av dei som er intervjuar som har gjeve uttrykk for at dei sjølve, eller andre, kan kjenne seg utrygge, oppleve utestenging, krenking, mistenkeleggjering, usynleggjering, arroganse eller liknande i Kyrkjehagen. Det er likevel ikkje utenkjeleg at det vil kunne skje her også. Eit spørsmål å stille seg, er i kva grad det er rom for å gi uttrykk for at ein ikkje kjenner seg vel i slike fellesskap. Kva om ein set det enda meir på spissen: Korleis hadde det utfordra Iris sin tanke om å overlata samhandlinga til fellesskapet, om det hadde kome ein som ville delta i dugnaden, som hadde ein skremmande oppførsel, og som gjorde at nokre kunne kjenne seg truga? Kan det vere lurt å leggje nokre strategiar for handtering av uønska oppførsel, slik at det er mogleg å ta tryggleiken til alle på alvor, samstundes som ein skal vere eit konvivialt og diakonalt fellesskap der samhandlinga blir styrt nedanfrå? Dette vil ikkje berre gjelde i Kyrkjehagen, men i alle prosjekt der det er eit mål å samle ulike menneske.



I Kyrkjehagen er mangfaldet representert på så mange måtar, men i slike heterotopiar, vil det vere nokon som er utanfor (Wyller, 2017). Å utføre kunsten å leve saman kan vere krevjande uansett kor godt ein går over eins, eller kor like utgangspunkt ein har. Det blir ein heilt annan dynamikk dersom faktorar som reell frykt og ei oppleving av at ein sjølv eller sine kjære er trua på nokon måte, er til stades. Kanskje er ein slik heterotopi ein god arena for å få vere saman med andre ein veit vil ein vel og er heilt trygg på, utan at det skal bli teke initiativ til å utvide fellesskapet i alle retningar. Samstundes som ein held ei induktiv og gjensidig tilnærming høgt, kjem ein ikkje vekk frå at vi enno lever i ei verd som ikkje er fullkomen, og at det må takast høgde for på ein klok måte.

### **5.3.2 Dei minste rollefigurane**

Det er vist til ulike måtar der menneske finn saman og kan praktisere kunsten å leve saman. Samstundes er det mykje av livet som rører seg i Kyrkjehagen som ikkje er skildra. Det er ikkje teke med alle dei prosessane som også utspelar seg i det vesle økosystemet nede i jorda, blant gulrøtene, mellom insekta, fuglane og alt det andre som myldrar rundt den vesle Kyrkjehagen? Kva rolle har desse skapningane – saman med det som veks og gror – og dei menneska som sår, vatnar, lukar og haustar? Mellom latteren, vassleiken, praten, tøyisinga, nye ord som blir lært og ansikt som møter nye ansikt, skjer det også ubeskriveleg mykje anna aktivitet. I denne hagen, som i alle andre hageflekkar, og i naturen.

Det blir ikkje her, gjeve noko framstilling av økosystemet, men vi kjenner til kor viktige alle små organismar er for nedbryting og pollinering, som grunnlag for alt liv på kloden vår. Det blir lagt til grunn ein allmenn kunnskap om at kvar einaste organisme har sine nedlagte strategiar for å leve – og overleve i eit system vi berre kjenner ein brøkdal av. Ut frå årstid og tid i døgnet, endrar livet seg i syklusar som passar inn i kvarandre. Det blir gjerne sagt at naturen er brutal - og det stemmer. Vi menneske kan også vere brutale mot kvarandre, og når det kjem til dyre – og planteriket – kan vi finne makabre døme på at den sterkaste sin rett. Likevel er alt passa inn på ein måte som skal sikre vidare liv og mangfald på eit vis som overgår alle system og strukturar eit sivilisert samfunn kan prøve å leggje til rette for.

I teorikapittelet, er det referert til at Bibelen har tekstar som lovar Skaparordninga som økosystem. Tekstar knytt til jordbruk og forvaltning er det fleire av, og sjølve stadfestinga av

Skaparordninga som god finn vi i Bibelens første kapittel: «Gud såg på alt det han hadde gjort, og sjå, det var svært godt!» (Bibelselskapet, 2011, 1.mos, 1, 31).

Med brillene frå desse tekstane som hyllar skaparordninga i ein heilag samanheng, er det interessant å leggje merke til Skogstjerne si forteljinga om korleis naturen både kan gi ro – men også gi ei openberring av ein Gud som er skaparen av det store mangfaldet. Dette seier noko om at hagen som natur, er med på å gi ein eksistensiell dimensjon. Dette er noko som rører ved Skogstjerne. Som Nordhelle tek fram frå eit psykologisk perspektiv, blir det forklara korleis naturen kan røre ved oss menneske, samstundes som vi kan røre ved den (Nordhelle, 2015, s. 68).

Det er verd å merkje seg at Skogstjerne også, så tydeleg gjer uttrykk for glede over det menneskelege mangfaldet i Kyrkjehagen. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom takknemlegheit over å ha blitt kjend med ungdommar som har ei utviklingshemming (4.4). Informanten gir uttrykk for entusiasme og glede over at dei deltek på ein vår og undrande måte i hagen og i fellesskapet. Denne informanten ynskjer også eit breiare mangfald velkommen på fleire vis – i å uttrykkje eit ønske om at fleire kan kome med plantar frå andre land.

Det er også vist til det Jari Visto (2.5.2) uttalar om korleis naturen kan brukast som ressurs både personleg og åndeleg. Skogstjerne skildrar ein audmjuk måte å nærme seg naturen på, med stor fascinasjon for det som andre kanskje ikkje legg så stor vekt på. Dette kan vere eit konkret døme på det Visto uttalar når naturen blir halde fram som ein viktig medarbeidar. Skogstjerne ser dei små under i naturen, beundrar dei finurlege samhengane med alle sansar, og har lært seg å setje stor pris på den kunsten som utartar seg i det mangfaldige samspelet i naturen og blant.

## **5.4 Gå mellom**

Denne studien baserer seg på diakonalt arbeid. Som nemnd i teorikapittelet, er diakonifeltet i stadig endring, og eit av omgrepa som no blir halde framme – er det å ta ei rolle som brubyggjar mellom kyrkje og lokalsamfunn, mellom daglegliv og liturgi og mellom individ og

samfunn (Jordheim, 2014, s. 187). Det blir også vidareutvikla og nyansert med korleis diakonien også kan fylle ei rolle som *går mellom* (Jordheim, 2014, s. 200).

#### 5.4.1 Diakonale oppgåver

Gjennom funna i denne studien, er det tydeleg at det lokale, samfunnsdiakonale arbeidet med Kyrkjehagen, er nettopp *brubbyggjande* (Jordheim, 2014, s. 187) ved å vere ein stad der kyrkja engasjerer seg saman med menneske i lokalsamfunnet, for å leggje til rette for møtepunkt og fellesskap. Det er døme på korleis kyrkjehagen, midt i daglegdagse sysler, kan ha ein dimensjon av tru og allmenn openberring, og det er døme på at både enkeltpersonar og samfunnsinstitusjonar, representerte ved elevar i språkpraksis og ved den vidaregåande skulen, er involverte i hagearbeidet.

Kan vi også finne moment for at Kyrkjehagen representerer den diakonale oppgåva med å *gå mellom* (Jordheim, 2014, s.200)? Det er tydeleg at diakonen sjølv, går mellom, ved å ha kontakt med ulike enkeltmenneske i lokalsamfunnet, skulen, språkopplæringa, hageleg, sokneråd og stab. I denne rolla ligg også det å vere mellomledd mellom lokal og nasjonal diakoniplan, økonomiske rammer, mellom levekårsstatistikkar, undersøkingar, og ikkje minst: eit mellomledd mellom innspel frå lokalbefolkning og institusjonar. Ved å ta dei ulike innspela på alvor, gjere ei vurdering av situasjonen, og setje i gong prosjektet, er rolla ivareteken slik Plan for diakoni (Kirkerådet, 2020) peikar på som ein diakonal arbeidsmetode ved å: sjå, vurdere, handle. Diakonen tek her arbeidsmetoden på alvor, og går på denne måten mellom.

Det er også interessant å gjere ei vurdering av om diakonen også tek ei rolle som går mellom på andre områder. Ikkje berre konkrete einingar som institusjonar og menneske, men som også går mellom, og tek på alvor meiningar, behov, ulike kommunikasjonsformer, utfordringar og ressursar. Det blir lagt til rette for at både idéar og praktiske oppgåver skal kunne utfalde seg i begge retningar. Ut frå dei deltakarane som til no har vore med i fellesskapet, blir Kyrkjehagen eit rom som rommar mangfaldet av ytringar og innspel – så vel som mangfaldet av menneske, og også forskjellige vokstrar ulike menneske tek med til hagen.

Det er teke fram vurderingar av at diakonen har teke ei rolle som brubyggjar, og ein som går mellom. Så er det samstundes, gjennom desse funna, også mykje som tyder på at det ikkje berre er rolla til diakonen som byggjer bruer, og som går mellom.

#### **5.4.2 Fleire medarbeidarar**

Det er døme på at Timian og familien får fram daglegdagse erfaringar med det å leve i ein krevjande situasjon. Dei bidreg til at kyrkja og lokalsamfunnet får viktige innspel i arbeidet for å lyfte kvardagslege utfordringar folk kan leve i, opp på eit kollektivt nivå. Det er tidlegare sagt noko om vår felles sårbarheit, og både Stålset (2020) og Lid (2017) understrekar det kollektive ansvaret samfunnet har for å fordele mangfaldet sine gåver og oppgåver. Kyrkja treng påminningar om dette for å klare å ta inn over seg, og stadig gjere endringar og korrigeringar som i større grad tek mangfald og medborgarskap på alvor. Ikkje berre internt i eigen organisasjon, men også ved å ta ei tydeleg stemme i det å endre strukturane som fører til at menneske med utviklingshemming ikkje får innfridd grunnleggjande menneskerettar når det gjeld retten til ei aktiv og meningsfull fritid. Denne familien går mellom, og bidreg til at det kan byggjast bru mellom enkeltmenneske og diakonale fellesskap. Her har kyrkja teke imot ballen som er spelt inn av ein familie, og dei spelar saman vidare med denne. Men kan det i slike tilfelle, også vere ei diakonal oppgåve også å spele ballen vidare enda eit nivå opp, på eit samfunnsnivå? Ut i frå ein transformativ modell, og utfordringane frå Stålset (2020) og Lid (2017), vil det vere ei oppgåve vidare å kunne bruke erfaringane som er gjort i Kyrkjehagen, til å både å gi inspirasjon vidare, men også å vere tydeleg på at det må grunnleggjande endringar til for at menneske skal få tilgang til lovfesta menneskerettar.

Ein kan tenkje at ved eit tiltak som Kyrkjehagen er ein i mål når det gjeld å ta det at vi alle er skapt i Guds bilete på alvor. Kyrkja, og andre samfunnsinstitusjonar må aldri tru at dette arbeidet er ferdig, eller at ein faktisk klarar å fullt ut forstå den krevjande situasjonen ein del menneske og grupper kan stå i over lang tid. Medborgarskap, deltaking, gjensidigheit, skapingsnåde og felles sårbarheit, er elementære, verdilada omgrep som alltid må takast med, og praktiserast i så stor grad det er mogleg når det gjeld diakonale fellesskap. På same tid, er det svært krevjande å skulle tenkje at perspektivet om *vår felles sårbarheit*, er noko som i alle tilfelle vil gje praktisk betyding i liv der utfordringane er store og komplekse, og der det er snakk om menneske som alltid vil vere i ein situasjon der dei er ekstra utsett for

ekskludering, marginalisering, overgrep, overformynderi. Kyrkjehagen er eit av mange tiltak som kan vere med å skape tilhøyrsløse og fellesskap, og lyfte fram mangfald, ulike ressursar og behov. Det er mykje som tyder på at Kyrkjehagen er eit tiltak som på ein førebiletleg måte arbeider aktivt med å få omgrepa som var nemnd like over, ut i praksis. Korleis kan desse erfaringane byggjast vidare på, både i denne kyrkjelyden – men også andre stader?

Denne familien, er døme på medarbeidarar i det å *gå mellom*, og det er også grunn til å argumentere for at alle som deltek med ulike roller i diakonale fellesskap, er med på å gå mellom i det at dei deler av sine kvardagslege erfaringar, inn i fellesskapet.

### **5.4.3 Å verne og få vern**

Kan vi også skimte fleire diakonimedarbeidarar i dette? Kva med alle dei minste som kravlar og kryp, som surrar og kvitrar? Kva hadde Kyrkjehagen vore utan desse minste organismane?

I Plan for diakoni og i mange av dei andre rapportane som er teke fram i kapittel 2.5.2, er det peika på kyrkja si rolle i det å verne om Skaparverket. Å leggje til rette for ein Kyrkjehage, kan vere eit lite bidrag i dette på mange måtar. Det er eit viktig oppdrag å leggje til rette for det å undre seg over naturen. Som fleire av informantane har tatt til orde for, er det marginalt kor mykje som veks og kor stort utbyte ein får av hagen i tal på gulrøter og frodige blomar. Det er vel også uvisst kor mange bier som faktisk overlever på grunn av nokre ekstra blomkarsar i eit par pallekarmar, men eit ørlite bidrag til naturmangfald og utnytting av ressursar, kan ein argumentere for at dette er. Det er med andre ord mogleg å finne eit grunnlag for at det diakonale fellesskapet i Kyrkjehagen, vernar om Skaparverket.

Som Timian er inne på, er det litt det same kva ein hadde etablert av fellesskapsprosjekt når det gjeld dette å skape tilhøyrsløse. Samstundes kan ein sjå det som at nettopp dette med hage og natur har ein ekstra dimensjon ved seg. Dette er fleire av informantane inne på, på ulike vis. Ringblomst legg vekt på at hagen er ein fin stad for å vere saman på tvers av skilnader, og at det er fint å kunne oppleve det som gror og veks saman. Læraren seier noko om korleis elevane kan ha nytte av å bli kjend med hagen og naturen sin syklus, at det blir noko gjentakande og trygt i tilværet. Skogstjerne held fram ei forståing av at konkret hagearbeid, og det å sjå resultat av dette, kan gi hjelp til å forstå litt av livet. Dette er vakkert sagt, og det gir meining i å halde fram hagen og natursyklusane som både førebilde og

læremeister i fellesskapet. Nordhelle (2014) skildrar naturen sin rytme, og korleis vi menneske kan ha nytte av å lære av denne med tanke på vår eiga psykiske helse, og korleis psykologisk næring kan finnast i naturen. Det blir skildra at ulike plantar kan gi sansestimuli som kan gi både helbred og harmoni.

Er det relevant å stille spørsmålet om ein kan tenkje at naturen sjølv, som i plantar og grønsaker, mikroorganismar, meitemark og humler, også er skapningar som *går mellom*? Dei arbeider i det stille, men gjer det mogleg for desse menneska å kome tilbake veke, etter veke, for å observere utviklinga og sanse det som skjer av skaping, akkurat der, i desse pallekarmane. Økosystemet sørgjer for ein arena der menneska kan møtast, lære, og få næring til sinn og tru.

Er det mogleg har, å ta eit steg tilbake for å gjere forsøk på ei samanlikning? Timian skildra det som ein spesiell situasjon då både familien hans, og Petra, opplevde at den andre tok seg av dei. (4.2.2). Begge partar opplevde seg ivaretekne, og begge hadde ei fin stund saman. Timian konkluderte med at det i fellesskapet ikkje var konstruktivt å avgjere kven som skulle synast synd på kven. Det er viktig å vere medvitne på at menneske i ulik grad kan vere i ein sårbar situasjon, men like fullt, vere medborgarar med dei same menneskerettane og moglegheitene for å vere medarbeidarar og med-skaparar av nye, gode løysingar. Det er svært viktig å løfte fram krevjande situasjonar og store behov menneske har for tilrettelegging. Samstundes kan ein også stille spørsmål ved om det i diakonalt arbeid, gir meining i å sortere i kven som skal vernast og kven som skal verne, fordi alle alltid har noko å bidra med. Dette viser tilbake til diskusjonen om inkludering (Korslien, 2009).

Så går vi tilbake til arbeidsområdet om å verne om skaparverket (Kirkerådet, 2020). Kan liknande resonnement som over også gjelde her? Kyrkja må vere medvitne på kva Bibelforståing ein brukar, setje minst mogleg klimaavtrykk, forhalda seg som ansvarleg forvaltar av Skaparverket, vere ei tydeleg stemme og verne om skaparverket så godt ein kan. På same tid, må også naturen med sine imponerande samanhengar, også takast på alvor som ein reel medarbeidar i stadige forsøk på å finne ut av kunsten å leve saman.

Doughnut-modellen er tidlegare nemnd som ein moglegheit for å tenkje økologi og natur som eit grunnleggjande perspektiv, i all utvikling, på same måte som weddingcake-modellen stadfester at berekraftsmål som har med natur og klima å gjere, er fundamentalt for all

berekraftstenking. Kan dette også nyttast når ynskje er å skape rommelege og konviviale fellesskap? Korleis kan naturen vernast om, og samstundes takast med inn i eit konvivialt samarbeid om diakonale tiltak?

I Kyrkjehagen sitt tilfelle, er det lett å finne døme på at meitemarken har ei viktig rolle. Det kan vere meir krevjande å finne slike døme og å i andre samanhengar. Men kan naturen som aktiv deltakar, også vere ein del av den kunsten å øve seg i, om ein ynskjer å vere ei diakonal kyrkje som tek heile skapnaden og den situasjonen kloden vår er i på alvor?

## 6 Konklusjon

Spørsmålet som starta denne gjennomgangen, handla om på kva måte Kyrkjehagen er uttrykk for diakonalt fellesskap, og korleis hagearbeid også kan handle om konvivialitet.

Gjennom analyse og drøfting, blir spørsmåla tematisert på implisitte og eksplisitte måtar. I denne type studiar, kan det ikkje setjast to strek under eit svar, og avslutte der. Studien stiller truleg fleire spørsmål enn svar, og er i seg sjølv med på å poengtere omgrepet: *Seeking conviviality*. Det er ein kontinuerleg prosess å søkje kunsten å leve saman i mangfaldig fellesskap, og denne studien ynskjer å vere ein del av prosessen.

Studien viser til funn som kan vise korleis Kyrkjehagen er uttrykk for diakonale fellesskap, og korleis hagearbeid også kan handle om konvivialitet.

Det mest tydelege funnet, er den klare entusiasmen og fascinasjonen informantane viser over mangfaldet av menneske som arbeider saman i hagen. Informantane er plukka ut som nokre av dei første aktørane i hagen, så det er naturleg å tenkje at dei er med på grunn av at dei i utgangspunktet trivs saman med ulike menneske. Likevel, blir det også poengtert at dei ser at andre også har glede i mangfaldet.

Det kjem fram at Kyrkjehagen er ein arena for kommunikasjonsutvikling. Majoriteten blir utfordra på å kommunisere på måtar som styrkjer menneske med lite verbalt språk si oppleving av påverknadskraft og mynde. Dette ved at diakonale verdiar som deltaking, medansvar og empowerment blir teke på alvor, slik at det naturleg blir lagt opp til at det å *gjere saman* blir ein verdsett kommunikasjonsform.

I studien kan det leggjast fram funn på at ei induktiv og deltakande tilnærming fører til at det er skapt eit fellesskap som er ein arena for å ta medborgarskap på alvor, og som gir tilhøyrse og moglegheiter til å møte andre enn dei ein til vanleg møter i sine heterotopiar eller i samfunnet elles. Her er det fokus på menneske med utviklingshemming. Det kan argumenterast for at Kyrkjehagen i seg sjølv er ein heterotopi, og at dette kan vere problematisk. Samstundes blir det sett som verdifullt at dette rommet kan vere eit trygt rom for å på ulike vis formidle noko om si historie, byggje motstandsdyktigheit og gi ny verdigheit.



Kyrkjehagen er eit tiltak som på ein førebiletleg måte arbeider aktivt med å få tidlegare refererte omgrep som medborgarskap, deltaking, gjensidigheit, skapingsnåde, felles sårbarheit og konvivialitet ut i praksis. Konvivialitet oppfordrar til ei total fornying av diakonalt arbeid. Det er også teke opp at den transformative diakoniforståinga legg opp til eit nytt, grunnleggjande tankesett og levesett. Her blir alle blir utfordra til å gjere ei endring i seg sjølv og i sin kontekst, for betre kår for alt og alle som lever, og for at menneske som før var utan stemme og mynde, også skal ta del i ei positiv endring for samfunn og skaparverk (Ham, 2014, s. 110, 114). Det er vist til funn som tyder på at mykje av dette skjer i Kyrkjehagen.

Denne måten å tenkje på, kan ikkje stoppe i eitt tiltak. Erfaringar frå Kyrkjehagen kan i neste omgang vere med å endre levesett, og på den måten transformere all aktivitet i kyrkja, og også vere ei stemme for å krevje større grad av moglegheiter for aktiv deltaking i fleire samfunnsledd. Slike måtar å arbeide på, bør vere overførbare til både kyrkjelydar og andre institusjonar som driv fellesskapsbyggjande arbeid.

Dokumentet, Diakoni i kontekst (LVF, 2010), og Carlos Ham, er nokre av stemmene som poengterer den økologiske samanhengen menneska, kyrkja og diakonien står i, som ein del av den transformative tankegangen. Som Nordhelle (2014), poengterer, er hage ein del av naturen, og også noko som på ein konkret måte, set menneska i samspel med naturen. Dei minste medarbeidarane i Kyrkjehagen er med på skape rommet, dei forvaltar rommet og dei er bindeledd mellom menneska. På mange måtar er desse små, store forbilde for korleis ein kan finne sin plass og leve saman med sine ulikheiter, forutsetningar, ressursar, behov og grenser. Ved å ta naturen aktivt med som medarbeidar, slik det er gjort i Kyrkjehagen, er dette eit konkret steg i retning av å markere den økologiske samanhengen og aktivt involvere naturen i å det å gi den vern – og å ta imot naturen sitt vern og ressursar.

Det å bruke naturen som direkte medarbeidar, vil kunne vere eit verktøy i diakonalt arbeid. Naturen er for det første, eit førebilete, og gir døme på kunsten å leve saman i mangfaldig fellesskap. For det andre, gir den moglegheit til å oppleve eit direkte samspel med skaparverket, der ein kan oppleve sameksistens, stadfesting, rom for refleksjonar kring tru og eksistensielle spørsmål. For det tredje, er den i seg sjølv ein arena for å leve og delta i eit mangfaldig fellesskap menneske i mellom.

Gjennom denne studien blir det vurdert at det er tydelege tilbakemeldingar på at Kyrkjehagen på ulike måtar er uttrykk for diakonalt fellesskap. I Kyrkjehagen blir mangfaldet verdsett, her kan nye kommunikasjonsformer utviklast, det er ein stad for aktiv og induktiv deltaking og det blir arbeidd kreativt med samarbeidsformer mellom samfunn og kyrkje.

Kyrkjehagen er eit rom som viser til at det mangfaldige fellesskapet strekkjer seg lengre enn til menneska. I arbeidet med å fornye diakonien i konvivial retning, vil det vere aktuelt å dra erfaringane frå Kyrkjehagen fram som eit døme på at naturen er ein viktig medarbeidar når det gjeld kyrkja sitt diakonale arbeid.

## Etterord:

Eg veit ikkje kva bilete du som lesar har gjort deg av Kyrkjehagen. Korleis ser det ut på denne staden der det er skrive side opp og side ned om møter mellom menneske, institusjonar, naturelement og Gud? Ser du for deg fargerike vokstrar, bognande busker, massevis av gulrøter og nyklipte plenar?

Eg var der på ein første visitt sommaren 2022. Eg var litt spent på å kome dit. Det var midt i ferien, eg hadde ingen avtale med nokon, ville berre få eit inntrykk før eg skulle planleggje studien vidare. Eg hadde med borna mine, var litt redd for at dei skulle trakke midt ut i velpleidd bed, at vi skulle kome borti noko vi ikkje skulle røre og så vidare.



Så kom vi dit – og det kjentest på ein måte så heime. Slik er det gjerne i ein hage midt på sommaren. Litt for tørt, litt overgrodd, og mest syrestilkar å knaske på. Det var ingen menneske å sjå, men vi var der nok ikkje åleine. For medan hagepassarane var på stranda, på fjellet, og av ulike grunnar, ikkje hadde fått organisert seg til hagestell, var dei minste medarbeidarane på plass. Og det blei både gulrøter, potet og blomar til slutt.

Medan vi var der, var det ikkje vanskeleg å finne seg eit lite ugrasprosjekt, sjekke vasstønna, eller føle seg fri til å springe slalåm mellom plantekassane. Her var vi ikkje redde for å vere oss sjølve, finne noko å gjere, eller sjå for oss nye oppgåver vi kunne gjort ein annan gong.

Det treng ikkje vere eit hageprosjekt for at ein skal kunne finne konviviale rom i eit diakonalt fellesskap. Kva kan vere aktuelt å gjere ein annan stad, saman med andre menneske? Gir det meining å ta naturen med som medarbeidar også der?



# Litteraturliste

Addy, T. (2019). *Seeking conviviality: A New Core Concept for the Diaconal Church*, I S. Dietrich, K. Jørgensen, K. K. Korslien, og K. og Nordstokke (Red.), *The Diaconal church*, (s. 158 – 170). Regnum Books International

Addy, T. (2022). *Seeking conviviality as a core concept for community development*, I H. M. Haugen, H. M., T B. Kivle, T. Addy, T. B. Kessel, og J. Klassen (Red.), *Developing just and inclusive communities. Challenges for diakonia/ Christian social practice and social work*, (s. 166-195). Regnum books international

Alhassan, A.-R., K. Kversøy, Kellems, R., Kversøy, S., Cusworth, Z., (2022). *Doing and talking: People with intellectual disabilities Handling of challenges of remote communication*, I *Internasjonal Journal of disability, development and education*, (s. 318 – 330). Routledge  
<https://www.tandfonline.com/loi/cijd20>

Anker, T. (2020). *Analyse i praksis. En håndbok for masterstudenter*, 1. utg., 2. opplag. Cappelen Damm Akademisk

Azote for Stockholm Resilience Centre, Stockholm University CC BY-ND 3.0: *The SDGs wedding cake*. Stockholmresilience.no:  
<https://www.stockholmresilience.org/research/research-news/2016-06-14-the-sdgs-wedding-cake.html> 05.05.2023

Bispemøtet (2021): *Guds skaparverk, vår heim – Tru, håp og handling. Ein bodskap om det kristne kallet i møtet med klimakrisa*  
<https://www.kirken.no/globalassets/fellesrad/ulvik/bilder/guds%20skaparverk%20nynorsk%20korr2.pdf>

De forente nasjoner (FN). (2015). FNs bærekraftsmål.  
<https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal> 12.04.23

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora, NESH, 2021.  
*Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*

<https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>, 19.03.2023

Det lutherske verdensforbund [LVF]. (2010). *Diakoni i kontekst*. Det lutherske verdensforbund.

Det lutherske verdensforbund [LVF]. (2016). *Liv i mangfoldig fellesskap. Om å fornye diakonien i europeiske lokalsamfunn*. Det lutherske verdensforbund.

Det norske Bibelselskap, Bibelen (2011)

Dietrich, S. (2011). «Jeg tror på de helliges fellesskap». *Teologiske refleksjoner rundt kirken som fellesskap*, I S. Dietrich, T. S. Dokka & H. Hegstad, H. (Red.), *Kirke nå. Den norske kirke som evangelisk- luthersk kirke*. Tapir Akademisk Forlag.

Dietrich, S., Jørgensen, K., Korslien, K., K., Nordstokke, K. (Red.) (2014), *Diakonia as Christian Social Practice, An Introduction*. Regnum Books International.

Dietrich, S. (2014). *Reflections on Core Aspects of Diaconal Theory*, I S. Dietrich, K. Jørgensen, K. K. Korslien, K. Nordstokke, (Red.), *Diakonia as Christian Social Practice, An Introduction*. (S. 13 – 27). Regnum Books International.

Doughnut Economics Action Lab: <https://doughnuteconomics.org/about>, 05.05.2023

Haugen, H., M. (2009) *Vern om skaperverket*, I I. Johannessen, K. Jordheim & K. K. Korslien (Red.), *Diakoni: En kritisk lesebok*, (s. 103 – 118). Tapir akademisk forlag

Haugen, H. M. Kivle, T. B., Addy, T., Kessel, T. B. og Klassen, J. (2022). *Developing just and inclusive communities. Challenges for diakonia/ Christian social practice og social work*. Regnum books international

Ham, C. (2014). *Empowering Diakonia: A Perspective From the World Council of Churches*, I S. Dietrich, K. Jørgensen, K. K. Korslien, K. Nordstokke, (Red.), *Diakonia as Christian Social Practice, An Introduction*, (S. 105 – 120). Regnum Books International.

Hegstad, H. (2015). *Gud, verden og håpet*. Oslo: Lunde forlag

Høyland, K., Hatling, M. og Halvorsen, T. (2021) Likestilt, normalisert og inkludert? *Erfaringer med kjøp av egen bolig for utviklingshemmede*, SINTEF akademisk forlag

[https://www.sintefbok.no/book/index/1300/likestilt\\_normalisert\\_og\\_inkludert\\_erfaringer\\_med\\_kjoep\\_av\\_egen\\_bolig\\_for\\_utviklingshemmede](https://www.sintefbok.no/book/index/1300/likestilt_normalisert_og_inkludert_erfaringer_med_kjoep_av_egen_bolig_for_utviklingshemmede)

Johannessen, K. Jordheim & K. K. Korslien (Red.), *Diakoni: En kritisk lesebok*. Tapir akademisk forlag

Jordheim, K. (2009), *Plan for diakoni i Den norske kirke – en presentasjon*, I I. Johannessen, K. Jordheim & K. K. Korslien (Red.), *Diakoni: En kritisk lesebok*, (s. 13 – 28). Tapir akademisk forlag

Jordheim, K. (2014). *Bridge-Building an Og-Between: The role of the Deacon in Church and society*, I: S. Dietrich, K. Jørgensen, K. K. Korslien, K. Nordstokke, (Red.), *Diakonia as Christian Social Practice, An Introduction*, (S. 187 – 202), Regnum Books International

Jordheim, K. (2020). *Diakoni i et funksjonshemmingsperspektiv: Tilværelsens gave og Liv i mangfoldig fellesskap*. I I. M. Lid, og A. R. Solevåg (Red.): *religiøst medborgerskap funksjonshemming, likeverd og menneskesyn*. (S. 107-127). Cappelen Damm Akademisk

Kirkens nødhjelp, Norges kristne råd, KFUK/KFUM og Den norske kirke, mellomkirkelig råd: *Bærekraftsboka*. <http://xn--brekraftsboka-3fb.no/wp-content/uploads/2019/02/baerekraftsboka.pdf>. 19.04.2023

Kirkerådet (2008). *Plan for diakoni i Den norske kirke*. Kirkerådets kommunikasjonsavdeling.

Kirkerådet (2020). *Plan for diakoni i Den norske kirke*. Kirkerådets kommunikasjonsavdeling

Korslien, K., K. I K. *Annerkjennelsens plass i diakonien* (2009). I I. Johannessen, K. Jordheim & K. K. Korslien (Red.), *Diakoni: En kritisk lesebok*. (s. 87 – 102). Tapir akademisk forlag

Kvåle, S. og Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*, 3. utg., 2. opplag. Gyldendal akademisk

Lid, I. M. (2017). *Livets mangfold som gave og oppgave*. I S. A. Christoffersen, S. Holte, R. Jensen & M. T. Mjaaland (Red.), *Skapelsesnåde: Festskrift til Svein Aage Christoffersen* (S. 145 – 162). Novus forlag

Lid, I. M. (2017), *Medborgerskap i spennet mellom ekskludering og inkludering: Funksjonshemming, fremmedhet og nye fellesskap*. I T. Wyller, og I. M. Lid: *Rom og etikk: fortellinger om ambivalens*. Cappelen Damm Akademisk/NOASP

McCormack, N. (2020), I M. Nind og I. Strnadová (Red.), *Belonging for people with profound intellectual and multiple disabilities* (S. 98 – 112). Routledge

Meld. St. 8, (2022-2023), *Menneskerettar for personar med utviklingshemming – Det handlar om å bli høyrst og sett*. Kultur- og likestillingsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20222023/id2945431/>

Nordhelle, G. (2015). *Hagepsykologi. Naturens harmoniserende kraft*. Arneberg forlag.

Nind M. og I. Strnadová (2020). *Belonging for people with profound intellectual and multiple disabilities*. Routledge

Nordstokke, K. (2014). *The Study of Diaconia as an Academic Discipline*, I S. Dietrich, K. Jørgensen, K. K. Korslien, K. Nordstokke, (Red.), *Diakonia as Christian Social Practice, An Introduction*, (S. 46 – 61). Regnum Books International.

Pave Frans (2015) *Encyklikaen Laudato si`*. *Om omsorgen for vårt felles hjem*. Norsk utgave: St. Olav forlag

Rasborg, K. (2013). *Sosialkonstruktivismen i klassisk og moderne sosiologi*, I L. Fuglsang mfl. (2013). *Videnskabsteori i samfundsvidenskabene: på tværs af fagkulturer og paradigmer* (3. utg.), Universitetsforlaget.

Stålsett, S. J. (2020). *Naming Vulnerability: A Diaconal Dilemma of Designation*. I *Diaconia*, 11(2), 125–140. <https://doi.org/10.13109/diac.2020.11.2.125>

Stålsett, S., J. (2021). Interruption, Inspiration, and Interruption: The role of Theologies in Diaconia. I *International handbook on ecumenical diakonia: Contextual theologies and practices of diakonia and Christian social services - resources for study and intercultural learning*. (S. 95-104). 1517 Media, Fortress Press. <https://doi.org/10.2307/j.ctv1v08zwm.18>,

Thomassen, M (2006). *Vitenskap, kunnskap og praksis: innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Gyldendal akademisk

Tjora, A. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*, 4. utg. 1. opplag, Gyldendal akademisk

Wyller, T. (2017). *Glimt av en felles menneskelighet. Om å oppdage normativitet med enkle teorier om rom og rommelighet*. I T. Wyller, og I. M. Lid (Red.), *Rom og etikk: fortellinger om ambivalens*, (S. 19 – 33). Cappelen Damm Akademisk/NOASP



# Vedlegg

- 1) Intervjuguide (Namn på prosjektet er endra av anonymitetsomsyn)
- 2) Samtykkeskjema (Namn på prosjektet er endra av anonymitetsomsyn)
- 3) Godkjenning frå NSD (no: SIKT)

Det var også sendt inn samtykkeskjema for dei som berre skulle delta ved ein eventuell observasjon, og for dei utan samtykkekompetanse. Desse blei ikkje brukt i og med at det ikkje blei observasjon, og er dermed ikkje vedlagt.

Vedlegg 1:

## Intervjuguide

Spørsmål til dykk som har forberedt prosjektet, og/eller som er engasjert i Kyrkjehagen, no.

### Innleiing og bakgrunn for prosjektet:

1. Kva rolle har du, i Kyrkjehagen?
2. Hadde du høyrte om liknande prosjekt tidlegare?
3. Kven har du mest samarbeid med
  - I planlegging?
  - I gjennomføring?
  - Kvifor er kyrkja ein av samarbeidsaktørane?

4. Kva tenkjer du, var den viktigaste grunnen til å starte eit slikt prosjekt?
  - Har det endra seg under vegs?

## Fellesskap

5. I denne forskinga er eg oppteken av å finne meir ut av, kva folk kjem inn i eit slikt samarbeid med. Vi håpar at du kan vere med å gi eit innblikk i kven som engasjerer seg i Kyrkjehagen.
  - Kor mange er det som møter opp til dugnader eller andre tilstellingar?
  - Er det nokre som har møtt meir enn tre gonger?
  - Veit du om det er nokre som kjenner til kvarandre frå før?
  - Veit du om dei har anna engasjement i kyrkje eller nærmiljø?
  - Kan du seie noko om kva ressursar og kva bakgrunn dei har med seg?
  - Er det uttalte forskjellar mellom deltakarane sin bakgrunn – som gjer at du tenkjer at det kan vere krevjande for dei og møtast i ein slik samanheng?
  - Er det bevisste tilretteleggingar som blir gjort for at menneske skal kunne møtast på tvers av ulik bakgrunn og føresetningar?
  - Kjenner du til om det er nokre av dei som engasjerer seg no, som har møtt barrierar for deltaking andre stader?
  - Kan du identifisere barrierar for deltaking her?
6. Det er ulike måtar å skildre «fellesskap» på. Kan du seie noko om kva du legg i omgrepet?
  - Har du erfart eller observert aktivitet som kan skildrast som «fellesskap», her, i hagen?
  - Har du erfaring med at det motsette av det du definerer som «fellesskap» har skjedd i hagen?
7. Har du tankar om kva som er viktig for at hagen skal kunne bidra til eit «inkluderande fellesskap» vidare?
8. I det praktiske arbeidet i ein hage, kjem ein tett på naturmangfald, naturkrefter og skaparkraft. Kan du seie noko om du har gjort deg nye tankar rundt dette etter at arbeidet her starta opp?
  - Konkret lærdom, eller meir eksistensielle refleksjonar?
9. Dersom du kjenner til FN sine bærekraftsmål; Kva tankar gjer du deg når det gjeld prosjektet sin moglegheit til å arbeide med desse?

### Til slutt

Er det noko anna du har lyst å leggje til når det gjeld dette prosjektet, som eg ikkje har spurt deg om?

Tusen takk for at du har tatt deg tid, og er villig til å delta i denne forskinga!

Vedlegg 2:

Samtykkeskjema for deg eg skal intervjuje og som eventuelt er til stades  
under deltakande observasjon Kyrkjehagen

## Vil du delta i forskingsprosjektet

**«Hagen som arena for å leve – og delta - i eit mangfaldig fellesskap»?**

**Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å finne meir ut av korleis diakonien kan arbeide med mangfald og deltaking innanfor ramma av dyrking og hagearbeid. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.**

### Formål

Prosjektet har som formål å bringe fram meir kunnskap om korleis ein kan arbeide med fellesskap og mangfald på nye måtar, med utgangspunkt i det nye prosjektet i Drammen; Kyrkjehagen, eller Kyrkjehagen.

Det gjeld først om fremst fellesskap mellom menneske i eit lokalmiljø. Det vil også kunne bli aktuelt å tenkje fellesskap med små og store skapningar som er avhengige av ei klok forvaltning av skaparverket.

Problemstillinga som vi tek utgangspunkt i, vil vere:

**«Kunsten å leve og delta i eit mangfaldig fellesskap – innanfor ramma av dyrking og hagearbeid»:**

- Kan prosjektet; Kyrkjehagen gje innspel til korleis vi kan byggje fellesskap, og leve saman på ein berekraftig måte?

- Kva plass får vern om skaparverket og artsmangfald i dette å leve i «mangfaldig fellesskap?»

Utgangspunktet for prosjektet er ei masteroppgåve i diakoni, ved VID vitenskaplege høgskole. Opplysningane som blir samla inn, vil bli brukt i denne oppgåva. Dei vil dermed også kunne bli presentert i settingar der det er aktuelt å presentere nokre av dei funna som blir gjort. Det kan også vere aktuelt å bruke dei til ei seinare doktorgradsavhandling.

### **Kven er ansvarlig for forskningsprosjektet?**

VID vitenskaplege høgskole i Oslo, er ansvarleg for prosjektet. Min veileidar er høgskolelektor, Grete Karen Framgarden.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du får spørsmål om å delta fordi du kan ha relevant informasjon, og erfaring når det gjeld prosjektet: Kyrkjehagen.

Eg ynskjer å få vite meir om prosessen bak prosjektet, og om kva erfaring de har gjort dykk i oppstarten. Du som får dette spørsmålet har enten vore med i planlegging, i gjennomføring, eller i begge deler. Eg ynskjer å intervjuje både tilsette og frivillige som har eit engasjement for Kyrkjehagen/ Kyrkjehagen.

I utveljing av informantar, har eg tatt utgangspunkt i samarbeidspartnarar som er nemnt allereie i prosjektsøknaden. Derfrå vil eg også gjere intervju av nokre som har engasjert seg i det praktiske arbeidet med etablering av hagen. Prosjektleder for Kyrkjehagen, vil gi kontaktopplysninger etter at et eventuelt samtykke er gitt. Du er ein av fire til seks personar som blir intervjuja.

## **Kva inneber det for deg å delta?**

Som metode, vil vi bruke både intervju og deltakande observasjon. For din del, ynskjer eg å intervjuje deg. Eg vil også vere til stades under ein eller to samlingar i hagen, og gjere observasjonar der. Det er difor også eit spørsmål om samtykke til dette, dersom du kjem til å vere til stades i hagen når dette skjer.

### Intervju:

Eg ynskjer å stille spørsmål som handlar om korleis du blei engasjert i prosjektet, og om kvifor prosjektet blei til. Det vil bli stilt spørsmål rundt di eiga tilknytning til prosjektet, men også om korleis du oppfattar det som skjer av aktivitet i hagen og kven andre som engasjerer seg der. Eg vil stille spørsmål rundt kva du tenkjer om omgrepet «fellesskap», og om du opplever aktivitet som kan handle om fellesskap i hagen. Til slutt opnar vi opp for refleksjonar rundt det å ta vare på

skaparverket, og nokre av FN sine bærekraftsmål. Desse spørsmåla er for deg som ynskjer å seie noko om akkurat dette, men ikkje noko ein må seie noko om.

Dersom du vel å delta i intervjuet, lagar vi avtale om ein samtale. Dette ta om lag ein time. Eg kjem til å ta opp samtalen med ein lydopptakar, og eg vil deretter skrive ned det som blir sagt. Her kan det vere at det blir brukt ein ekstern person frå eit profesjonelt firma, skriv ned (transkriberer) det som blir sagt. Denne personen vil ikkje få tilgang til namnet ditt eller kontaktinformasjon, og vedkomande vil ha teieplikt.

Til intervjuet, treng eg namnet ditt, omtrentleg alder, kva område du bur i, og eg treng kontaktinformasjon der eg kan nå deg.

#### Interaktiv observasjon:

Eg kjem til å vere til stades under ei eller to av øktene i hagen. Dette etter avtale med prosjektleiar. Eg vil vere med på noko av det som skjer i hagen. Dette er mest for å få eit overordna bilete av korleis aktiviteten er. Samstundes vil eg tekkje meg litt tilbake, observere, og eg vil ta korte notat for hand. Der skriv eg ned litt av det som skjer av aktivitet; Kven som samhandlar, kva for initiativ som blir tekne, og korleis eg oppfattar at deltakarane har det akkurat denne dagen. Det handlar om kva som blir sagt, om kroppsspråk og kven som samarbeider. Under observasjonen vil eg ikkje skrive ned namn, men eg vil ha ein kode for deg som eg har intervjuet, for å kunne knyte deg til aktiviteten, dersom du samtykker til det. Dei handskrivne notata blir oppbevart i ei låsbar skuffe, og det vil ikkje bli skrive namn på notata.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å grunngje det. Alle personopplysningar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokre negative konsekvensar for deg hvis du ikkje vil delta, eller seinare vel å trekkje deg.

#### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarar og brukar opplysningane dine**

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet.

Opplysningane frå deg vil kun være tilgjengelig for meg og veiledaren min. Det kan bli brukt eit profesjonelt firma som tek på seg å transkribere/skrive ned det som blir sagt i intervjuet. Dette firmaet inngår ein avtale med VID vitenskaplige høgskole, og har strenge reglar for korleis dei arbeider med intervjuet. Dette firmaet vil ikkje få namnet ditt eller kontaktopplysningar. Namnet og kontaktopplysningane dine vil eg erstatte med ein kode som blir lagra på ei eiga namneliste, skild frå andre data.

Opptaka frå samtalan våre vil eg lagre på PCen min, og slette frå lydopptakaren. PCen er beskytta av passord, og eg vil sjå til at ingen andre bruker PCen og at den ikkje står open for innsyn. Arbeid med sensitivt materiale vil kun skje der eg bur, eller på eit eige kontor. Så snart intervjuet er transkribert, vil lydopptaka bli sletta. Word -filane vil være

beskytta av egne passord. Svare dine vil eg anonymisere før eg brukar dei. I og med at det er relativt små forhold Kyrkjehagen, vil ein kanskje kunne kjenne deg igjen i oppgåva. Opplysningar som kan komme fram, er omtrentleg alder, og opplysningar knytt til din tilknytning til, og rolle i, prosjektet.

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

### **Kva skjer med personopplysningane dine når forskningsprosjektet blir avslutta?**

Masteroppgåva skal etter planen bli levert 15. mai 2023. Det kan bli aktuelt å jobbe vidare med funna i publikasjonar, eller i seinare forskning. Eg ynskjer difor å lagre transkriberte utgåver av samtalanene i fem år. Dersom dei ikkje er tekne i bruk før den tid, vil alle data bli sletta. Eg vil be deg om nytt samtykke dersom det blir aktuelt å bruke dine data i nye publikasjonar.

Når masteroppgåva er levert, vil alle data som ikkje let seg anonymisere, bli overført til trygg oppbevaring hos behandlingsansvarlig institusjon, ved prosjektansvarlig, hos VID Vitenskaplige høgskole, Grete Karen Framgarden. Det vil då berre vere ho som har tilgang på dataa, og ho som igjen kan gje meg tilgang på dei.

### **Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå VID Vitenskaplige høgskole, har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva for opplysningar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane
- å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande
- å få sletta personopplysningar om deg
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar

Dersom du har spørsmål til studien, eller ynskjer å vite meir om, eller nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- *Prosjektansvarleg: VID vitenskaplige høgskole, ved Grete Karen Framgarden*  
Epost: [grete.framgarden@vid.no](mailto:grete.framgarden@vid.no) Tlf: [4722451985](tel:4722451985)
- *Student: Ingebjørg Dahle Johansen*  
Epost: [ingebjorg.dahle@kristiansund.kommune.no](mailto:ingebjorg.dahle@kristiansund.kommune.no). Tlf: 48111372

- Vårt personvernombud: Nancy Yue Liu:  
[nancy.yue.liu@diakonhjemmet.no](mailto:nancy.yue.liu@diakonhjemmet.no),  
tel:+47 938 56 277

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester på epost: [personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Med vennlig hilsen

*Prosjektansvarleg*

*Student*

Grete Karen Framgarden  
Ingebjørg Dahle Johansen

---

## Samtykkeerklæring

Eg har mottek og forstått informasjon om prosjektet «Hagen som arena for å leve – og delta - i eit mangfaldig fellesskap», og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i *intervju*
- å delta i *deltakande observasjon*
- at det blir bruka ein kode for kven eg er, når det skal gjerast notat under observasjon i hagen.*
- at opplysningar om meg blir publisert slik at eg kan gjenkjennast av personar som har kjennskap til fellesskapet Kyrkjehagen.*
- at mine personopplysningar blir lagra etter prosjektslutt, til bruk i eventuelle nye, publikasjonar. Opplysningane blir lagra i maksimalt fem år. Du vil få beskjed dersom det blir aktuelt å bruke opplysningene på nytt.*

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Vedlegg 3:



[Meldeskjema](#) / [Hagen som arena for å leve – og delta - i eit mangfaldig fellesskap](#) / Vurdering

# Vurdering av behandling av personopplysninger

**Referansenummer**

530578

**Vurderingstype**

Standard

**Dato**

29.06.2022

**Prosjekttittel**

Hagen som arena for å leve – og delta - i eit mangfaldig fellesskap

**Behandlingsansvarlig institusjon**

VID vitenskapelige høgskole / Fakultet for teologi, diakoni og ledelsesfag / Fakultet for teologi, diakoni og ledelsesfag Oslo

**Prosjektansvarlig**

Grete Karen Framgarden

**Student**

Ingebjørg Dahle Johansen

**Prosjektperiode**

01.06.2022 - 15.05.2023

**Kategorier personopplysninger**

Alminnelige

Særlige

**Lovlig grunnlag**

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Uttrykkelig samtykke (Personvernforordningen art. 9 nr. 2 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 15.05.2028.

[Meldeskjema](#)

**Kommentar**

OM VURDERINGEN

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

**VIKTIG INFORMASJON TIL DEG**

Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

**TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET**

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger og særlige kategorier av personopplysninger om helseforhold frem til 15.05.2023. Innsamlende personopplysninger vil lagres videre etter prosjektslutt, ved behandlingsansvarlig institusjon, til oppfølgingsstudier/videre forskning. Datamaterialet anonymiseres innen 15.05.2028.

**LOVLIG GRUNNLAG**

Prosjektet vil innhente samtykke fra deltakerne til behandlingen av personopplysninger.

Dersom det inngår personer i utvalget som ikke er i stand til å forstå hva deltakelse innebærer og dermed ikke er i stand til å avgi et gyldig samtykke til behandlingen av personopplysninger, vil det innhentes samtykke fra verge. Deltakeren vil få tilpasset informasjon om prosjektet og vil gi et forskningsetisk samtykke til å bli inkludert i prosjektet. Prosjektleder for "Dyrk et vennskap i hagen" vil bistå i denne prosessen slik at det innhentes frivillig samtykke fra alle som deltar på intervju og/eller observasjon.

Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk,



informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

For alminnelige kategorier av personopplysninger og særlige kategorier av personopplysninger om helseforhold vil lovlig grunnlag for behandlingen være uttrykkelig samtykke fra den registrerte, eventuelt fra verge, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a og art. 9 nr. 2 a.

#### PERSONVERNPRINSIPPER

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen:

- om lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at det innhentes informert samtykke til behandlingen, og ved at det gis tilpasset informasjon og innhentes forskningsetisk samtykke fra deltakere som ikke er i stand til å avgi et gyldig samtykke til behandlingen av personopplysninger
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet.

#### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Vi vurderer at informasjonen om behandlingen som deltakerne, eventuelt også verge, vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20).

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Ved bruk av databehandler (spørreskjemaløser, skylagring, videosamtale o.l.) må behandlingen oppfylle kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Bruk leverandører som din institusjon har avtale med.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må prosjektansvarlig følge interne retningslinjer/rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilken type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Vi vil følge opp underveis (hvert annet år) og ved planlagt dato for anonymisering av datamaterialet for å avklare om behandlingen av personopplysningene pågår i tråd med den behandlingen som er dokumentert/er avsluttet.

Kontaktperson hos oss: Eva J. B. Payne

Lykke til med prosjektet!